Fraa By og Bygd.

Tidskrift

aat

Vestmannalaget.

II.

Kjørgvin.
Hjaa Edv. B. Giertsen.
1870.

1038

X058.1
F841
1870
14

Prentat hjaa J. D. Beyer.

Aasmund Olavsson Vinje.

Ved Kyrkjegrindi paa dan grøne Vangen
stend Bygdarfolket aalvorsamt og ser;
fraa Kyrkja toner sorgblid Klokkeklangen;
ei Likferd stilt fram etter Dalen fer.
Ein Bonde berre dei til Gravi bera,
men med i Sorgi vil alt Landet vera.

Eit Folk dar kann ei verre Skade møta,
en naar dan sanne Skalden sovnar av;
for andre Tap vil Tidi kunna bøta,
men Skaldesyn, som seig med Skald i Grav,
kann ingen andre fram i Dagen bera.
Hans Dagsverk kann ei nokon annan gjera.

Og Skald han var, han som i Mold dei gøyma,
og Harpa hans kann ingen andre slaa.
Dan Tonen, som so tidt me høyrde strøyma
fraa Dølens Streng, ei andre fram kann faa.
Med Aasmund Vinje ned i Mold dei grava
eit Tankeliv, som ingen andre hava.

Han song so sterkt um vaare Fjell og Nutar,
han song so vænt um Skog og Lid og Haug;
han song so heimelegt um Møy og Gutar,
han song so flirande um Troll og Draug.
So tidt med Skjemt han kveikte Hjartalaatten,
men i hans Skjemt dar Alvor var paa Botn.

Og kor han djervlegt kunde Vitet bruka,
naar han mot Vesalldomen Sverdet bar;
daa Gneiste etter Gneiste saag me fjuka,
for imot Daarskap han ein Viking var.
No ingen ræddast tarv dat kvasse Ordet,
for Dølens Sverd ligg husbondslaust paa Bordet.

For tidla tagnad reine norske Laaten,
som alltid leet, naar han si Harpa slo;
dat gneg i Bringa vaar, og fram vil Graaten
ved Tanken paa, at aldri meire no

han sine fagre Syner fram skal kveda
og ei oss med sin djerve Tale gleda.

Men ei dat sømer oss at veike vera,
alt um me sorgfull' sjaa paa Skaldens Grav.
At Livsens Sut med Mod og Mannskap bera,
dan Lærdom Aasmund Vinje sjølv oss gav.
Um Hjartasaaret opet var i Grunnen,
han Livsens Motgang bar med Smil um Munnen.

Me Angerstaara strykk or Augnakvarmen,
som fram vil smjuga, naar me hugsa paa
vaar eigi Medskuld i dan Naud og Harmen,
som Noregs Folk leet honom lida saa.
No hev han stridt og no er alt forlatet,
no hev han Freden funnet, gløymt er Hatet.

D'er saart, at her han inkje meire finnest,
men godt, at han so lenge hjaa oss var.
Med Lov og Takk me her ved Gravi minnast
alt vænt og fagert, som han til oss bar.
Um Skaldens Duft me ned i Moldi gøyma,
hans Diktargjerning vil me aldri gløyma.

Henrik Krohn.

Um Varmen paa Jordi.

Utarbeidt etter Cazin og Carl av Henrik Krohn.

I. Jamvigti av Varmen paa Jordyta.

Etter so som flestalle av dei Vitenskapsmenner meina, som hava studerat Jordlæra, er Jordi ein gloande Kjerne med ei Skorpa utanpaa. Ytst paa denne Skorpa ligg dat Fastland og Hav um eit annat, og utanum altsaman er Lufti, som me anda og liva i. Me hava full Grunn til at tru, at Kjernen er rennande, paa Lag som Rauden i eit Egg, og at Skalet, som ligg utanpaa, er helder tunt i Samanlikning med Kjernen.*) Ein kann gjera seg ein Tanke um korleides Tjukkleiken paa Kjernen og Tjukkleiken paa Skalet høva til kvarandre, naar ein tenkjer seg Skalet som eit Papirblad lagt um Kjernen som ei Kula paa ein Fot i Tvermaal. Paa ei viss Djupn i dan faste Skorpa er dat ei Flo

*) Dan rennande Lava, som vell ut or Eldbergom paa so mange Stader paa Jordi, er eit av dei sterkaste Vitnemaal um, at Jordi er rennande innantil.

elder eit Lag, som paa alla Aarstider heve same Varmegrad; utanfyre denne Floi er Varmen ujamn paa Grunn av tilfellelege elder stoduge Orsaker, etter som Aarstiderna er til elder ettersom dat er midt paa Jordi elder næmare dei kalde Jordbolkar o. s. v. Innanfyre Floi darimot aukar Varmen jamt og stendigt med kvart som ein kjem djupare, — ein Grad paa Lag paa 100 Fot — nokot som ein mange Gonger og paa mange Stader er komen til Kunnskap um i dei djupe Malm- og Steinkol-Gruvor.

At dat i Jordskorpa finst ei slik jamvarm Flo elder eit slikt Lag, som til alla Tider er utan Varmeumbrøyting, syner at dat er eit Jamvigtstilstand elder ei Utjamning av dan Varme, som Jordi misser og fær, likasom detta ogso visar, at Midkjernen kolnar ovlege seint. Me kunna soleides halda Varmetilstandet innanfyre dan jamvarme Floi fyre stødt og uumskiftelegt, naar dat inkje er Spursmaal um lengre Tidarbil en nokre Aarhundrad. Paa ein annan Maate visar dat seg med Jamvigti, naar me paa ymsa Tider og paa ymse Stader utanfyre dan jamvarme Floi leita etter Orsaki elder Logjerna fyre Varmeskiftet. Detta er eit myket forvitnelegt Spurs-

maal at utgrunda, med di at dat er paa Varmeskiftet ytst paa Jordskorpa at Vilkoret fyre Tilværet av alle livande Skapningar grundar seg.

Luftromet, Storhavet og Fastlandi ero underlagde tvo motsette Verkningar, som halda kvarandre i Jamvigt; dan eine er dan vermande Verkningi av Soli og dan andre dan kjølande av Himmelromet. Solstraalarne, som til Dømes falla paa Sanden i Dydemarki, verda tildeils atterkastade, tildeils innsogne. Dan innsogne Varmen, som inkje kann kastast tilbaka, so lenge som Soli skin, aukar Varmen i Sanden; men so snart som Solskinet tryt elder held upp, so straalar Sanden dan innsogne Varmen utatter i Himmelromet, han giv dan mottekne Varmen ifraa seg, og paa denne Maaten kjem Utjamningi i Stand og Jamvigti verd atter upprett.

Dat er ei Naturlog, at dei Varmestraalar, som koma til Jordi fraa Soli, deim kastar Jordi atter tilbaka i Himmelromet. Men oftaste kjem dat mange Ting elder Tilburdar imillom, som verka utjamnande paa Solstraalen, som kjem, og paa dan jamgode Jordstraalen, som vender tilbaka. Men desse Utjamnings-Tilburdar er dat, som verka baade paa dei

sokallade uorganiske elder livlause Emne og paa dei organiserade elder livande Skapningar, og soleides gjeng dat til, at Soli er Orsak til all Rørsla paa Jordi og at dat er ho, som framkallar og uppeheld alt Liv. Er Soli burte, so koma Naturkrafterna i Jamvigt; dat verd daa Ro og Svevn; men so snart som ho atter kjem fram or Nattarmyrkret, so er Jamvigti til Endes. Dan nye Kraft, som ho sender til Jordi med Straalarne sine, driv fram alle andre Krafter, og so trengst dat atter ei ny Utjamning. Umskiftet av Natt og Dag er ei æveleg Orsak til all Rørsla og alt Liv paa Jordi. Utan Soli vilde alt kvila i æveleg livlaus Svevn. Men med æveleg Solskin utan Umskifte av Natt og Dag vilde dan naudsynlege Utjamning helder inkje hava Stad, dat organiserade Livet vilde inkje kunna halda ut, Livskrafterna vilde teraft upp og alt livande øydeleggjast.

I alle Umskiftingar av Tingi paa Jordi raader ei stor Log, og dat er Uppehaldet av Krafti elder Krafterna. Røringskrafti, elder dan Kraft, som gjerer at Livet rører seg og skifter, ho verd førd fraa dan eine Kroppen yver paa dan andre, utan at ho i seg sjølv umbrøytest, utan at ho korkje verd mindre

elder ſtørre elder onnorleides i ſeg ſjølv. Verknin-garne av denne Krafti ſyna ſeg i Formi ymiſe og ſtiftande, men ſeg imillom ero dei jamgode elder lika myket verde (æqvivalente). Varmekrafti til Dømes, ſom kjem til Jordi med Solſtraalen, er i ſeg ſjølv dan ſame, etter at ho er uppteki i eit jordiſkt Emne. Ho ſyner ſin Verknad ved at umſkapa Emnet i ei ny Form, til Dømes ved at gjera ein Vatsdrope til Eim elder Gova (Damp); men Krafti, ſom var i Solſtraalen, er dan ſame, ſom er uppteki i Eimen til Vatsdropen, og ho verd framleides dan ſame, um ho fraa Eimen atter verd yverførd og verkar i eit annat nytt Emne. Me kjenna berre til Verkningarne; kvat ſom vedkjem Orſaki til deim, ſo ero me full-viſſe um, at ei ſlik Orſak lyt dat vera, utan at dat er gjerande fyre oſs at kjenna elder tyda hennar ſer-eigne Natur. Me kunna tala um Krafter, men me ſjaa deim inkje; me vita at dei ero dei løyndoms-fulle Orſaker til alt dat ſynlege, ſom me hava fyre Augom. Krafterna takka dan guddomlege Allmagti fyre ſitt Upphav, og me ljota vera vel nøgde, naar me med tenkſam Grunding og Etterleiting kunna finna Samanhanget, ſom er deim imillom, og uppe-

daga Bandet, som bind deim i Hop. Dan fercigne og innelege Naturi deira vilja me inkje kjenna til, for detta ligg lenger burte en dat menneskjelege Vitet kann naa.

No vilja me sjaa litt nærre paa nokre av dei mangfalduge Framsyningar, som ganga fyre seg, imedan Solstraalarne verka paa eit Emne. Ein einstak Vatsdrope or Storhavet skal tena oss til Fyredøme. Naar Solstraalarne verka paa honom, so verd han til Eim, likasom naar du syd Vatn yver Elden. I dette Eimtilstandet stig han daa upp or Havet, fer igjenom Luftromi og fell ned atter anten som Regn elder Dogg elder som Snjo paa Isbredarne i Høgfjellom, og fraa deim renn han sidan nedatter imot Havet. Paa denne Ferdi møter han Plantar og Dyr, som kunna umskapa honom paa dan underfullaste Maaten, fyrr en dei attergiva honom til Havet.

Lat oss giva Vatsdropen vaar ei Vigt av 1 Kvintin. Uppvermd av Soli stig han, som nemnt, upp or Havet som Eim, og dan Varme, som han brukar til at koma i dette Tilstandet, er lik med dan Kraft, som var i Stand til at lyfta eit Skaalpund meir en 7000 Fot høgt. Vatseimen stig no upp i

Luftromet, dar han gjerer sitt til, at dat kjem fram Vind og Luftsyner. Av di at Eimen kann innsuga Varmestraalarne betre en dan turre Lufti og atter kasta deim ut, so liiver han likasom ein Skjerm baade fyre dan vermande Verkningi av Soli og dan kjølande fraa Himmelromet; Jordi kann takka denne Verknaden av Eimen fyre dat, at Luftromet verd likasom eit verjande Plagg fyre henne. Imedan Vatseimen paa denne Maaten sviv i Lufti, verd han soleides snart uppvermd og snart avkjølt, so at han tener Varmen som eit Millomband; dat verd ei fullkomi Utjamning av dan Varme, som han syg i seg, og dan Varme, som han kastar ut. Naar han daa stig høgre upp, tettast han paa nytt Lag og verd uppteken i ei Sky; men darmed giv han Varmen ifraa seg, dat verd Varme fri, som ein brukar segja. Tenkja me ofs no, at denne Tettingi, som kjem av Varmesleppingi, gjeng fyre seg ved dan same Varmegrad, som dat var, daa Vatsdropen vardt til Eim, so vil dan frigjorde Varmen vera juft likaso myken som dan Varme, som vardt brukad til at gjera Dropen til Eim. Tettingi av dat eine Kvintin Vatseim i Skyi upp i Lufti verd med andre Ord ogso

jamgod med Fallet av eit Skaalpund fraa ei Høgd paa 7000 Fot. Me vita, at eit slikt Fall driv fram ei vis Mengd med livande Kraft, som kann verka paa ein mekanisk Maate elder gjera Arbeid, og just dan same Verknaden kunde ein faa fram med dan same Varme, som vardt frigjord, daa Vatseimen tettnade i Skyi. Vatnet heve soleides paa sin Veg or Storhavet og til Skyerna flutt dan Kraft yver i Lufti, som dat fekk av Soli. Denne Krafti verd daa ved Straaling vidare utskift aat dei uteljande Kroppar, som fylla Himmelromet.

No kunna me fylgja Vatsdropen vaar endaa lenger. Paa Høgfjellom tettnar ein stor Deil av Vatseimen. Lufti yver Fjelli er myket rein og tunn, so at Utstraalingi er hardla stor; ved Utstraalingi gjeng frigjord Varme ut i Himmelromet, og Fjelli avkjøla difyre med Natti sterkt dei næmaste Luftlag og dat samnast Skyer um Topparne deira, som er dat same som at Vatseimen, som sviv i Lufti, slepp Varme fri, tettnar og verd til Vatn. Desse vatstette Skyer kjølast framleides ogso ved deira eigi vidare Utstraaling av dan Varme, som ogso er bunden til Vatnet i tettare Tilstand. Ved denne vidare

Varmestraaling av Skyerna tettna dei endaa meir og verda sidstpaa til Snjoflugsor. Snjotopparne, som stiga upp yver dei ævelege Isbredar, hava i ein ossaleg Grad hjelpt til at fullføra Tetting! av dan usynlege Eimen, som skapteſt paa Sjotromen. Storhavet i Lag med Fjellom verd paa denne Maaten til ein sann Avsjodingsreidskap elder eit Destillerapparat, dar Soli er Varmekjelda. All Isen paa vaare Bredar kjem av Eimen fraa Havet og Votni paa Jordi, og dan Varmemengd, som Soli maa lata til, til at skapa all denne Eimen, vilde vera nog til at faa fem Gonger so stor Vigt med Jarn til at braadna. Dan same Varmemengd, som tarvst til at faa fram Vatseimen, saago me vardt løyst ved Skapnaden av Skyerna; no vilja me sjaa paa dei Varmeframsyningar, som koma fram, etter at Skyerna skapast um til Snjo.

Naar 1 Kvintin Vatn verd til Is, so løyseſt elder kjem dat fram ein Varme, som i Kraft er jamgod med Fallet av eit Skaalpund fraa ei Høgd av 1000 Fot paa Lag, og denne Krafti verd utskift i Himmelromet ved Straaling. Men Isbredarne braadna atter smaatt um Senn, og Brædingi av

I Kvintin Is heve si Orsak i ein Naturverknad, som sjølvsagt er motsett dan, som gjerer Vatn til Is. Naar Vatn frys, verd Varme fri; naar Is braadnar, verd Varme bunden. Naar ein Isbred jamt skal hava same Vidd, so lyt han ogso missa just likaso myket Vatn ved Bræding som han vinn ved Tetting av Vatnet. Paa dan Maaten kjem dat fram ei Utjamning av dan løyste og dan bundne Varmen. Dan Kraft, som gjerer at Bredarne braadna, kjem fraa Soli, anten beinleides ved Straaling, elder ogso umveges fraa Jordi som Millomlid ved dan Varmen, som fraa henne paa ein elder annan Maate alt er paa Vegen til Himmelromet. Denne Krafti, som kjem til Jordi ved Solstraalen, maa i alle Tilfelle etter stuttare elder lengre Umlaup jamt attergivast til Himmelromet, venda tilbaka til sitt eiget Upphav, til dan ævelege Allmagt, som styrer Krafterna i Allheimens store Hushald.

Me venda oss atter til vaar Vatsdrope, som me no aa nyo finna i rennande Tilstand høgt yver Storhavet, i di han dryp ned i Jøkulelvi, som fossar fram undan Breden. Me sjaa med Undring paa dan megtuge Verknad, som alla Millionerna av

Vatsdropar, som skapade Breden, gjera med si Sliping og Skuring, og fylgja so vaar eine litle Drope paa hans Gang til Sjoen. Lat oss tenkja oss Høgdi yver Havet at vera 13000 Fot. Umfram dan Kraft, som me saag at dat turvteſt til at gjera 1 Kvintin Vatn til Eim, tarvſt dat ogso Kraft til at lyfta Eimen upp til ei slik Høgd. Denne Krafti kjem ogso fraa Soli, og ho er jamgod med eit Arbeid, som vilde vera nog til at lyfta eit Skaalpund til ei Høgd av 115 Fot paa Lag. Dat, som no utjamnar dette Arbeidet, er Attervendingi av Vatsdropen til Havet. Tyngdi samnar Vatsdroparne ved Foten av Isbreden, gjerer Elvar av deim og forer deim i Havet. Medan dat eine Kvintin Vatn sig ned fraa ei Kjelda, som ligg 13000 Fot høgt, utnyttaſt ei Kraft, som er lik dan Kraft, som turvteſt til at letta Vats-Kvintinet upp til dan same Høgdi. Soleides sjaa me ogso her dan same vise og ævelege Utjamning av Krafterna.

Ved Gnuringi mot dei Kroppar, som Vatsdropen renn yver, kann han heilt attergiva dan Varme, som han fekk fraa Soli. Men dei Former, som denne Krafti daa atter kann syna seg i, ero ende-

lauſt mangfaldnge. Elvi vatnar dei vokſtrike Slettorna, og alle Stader, dar ſom Grunnen inkje hallar deſs ſterkare, kjem ho til at gjera utalige Krokar, radt likaſom Jordi vilde halda atter Vatnet ſo lenge ſom mogelegt, ſo at dat i lengſte Laget kunde koma til at næra dei Skapningar, ſom liva paa henne. Plantarne bruka ymſe Emne til ſin Vokſter og Innreiding, og Vatnet er umisſande til Umlaupet og Samanbindingi av deſſe Emne; dartil bruka Plantarne rein Væta elder Vats-To (Vandſtof), ſom finſt i Vatsdropen. Til at feſta berre $^1/_{10}$ Kvintin av denne Væta til ſin Vev, maa Planten fyrſt ſunderſkilja 1 Kvintin Vatn; Soli heve dat Embættet at lata til dan Kraft, ſom tarvſt til detta, og ſom er lik med dan Kraft, ſom kann lyfta eit Skaalpund 46000 Fot. Planten tener ſidan til Føda aat eit Dyr, og i detta ſyner ſeg daa atter denne ſame Krafti, ſom vardt brukad av Planten til at ſkapa Planteveven. Kvart $^1/_{10}$ Kvintin Væta, ſom fraa Blodet gjenom Andardraatten ſambind ſeg med Syren elder Syretoet (Surſtoffet) i Lufti, tener til at ſkapa 1 Kvintin Vatn, og ved denne Samanbindingi verd dat ei Varmemengd fri, ſom er lik med ei Kraft, ſom kunde lyfta eit Skaalpund til ei Høgd av

46,000 Fot. Her sjaa me soleides atter dan same underfulle Jamvigt, som raader i heile Naturi og som med sin høge Einfaldleike openberrer ofs dan endelause Visdomen hjaa ein allmegtug Skapar. Gjenom dan grannaste Solstraalen og dan minste Vatsdropen syner han ofs si endelause Allmagt. Ved Varmen av dan velsignade Solstraalen gjerer han dan litle skire Vatsdropen til ein Reidskap i sitt store Hushald, alt ifraa di at Dropen stig upp or Havet og til ho vender tilbaka og fangar Varmen fraa ein ny Solstraale til atter at byrja sitt ævelege, skiftande Umlaup.

Me sjaa, at dat kjem fram ein viss mekanisk Verknad elder Kraft ved dat Umlaup, som 1 Kvintin Vatn gjerer gjenom Havet, Lufti, Breden, Elvi, Planten og Dyret, og at paa same Tid denne same Krafti verd brukad elder bundi og atter løyst. All Varmen, som turvtest til at faa fram denne Krafti, kjem fraa Soli og verd sidstpaa attergjeven til Himmelromet ved Utstraalingi fraa Jordi. Paa dan Maaten er dat, segjer Vitenskapsmannen Tyndall, at Solstraalen, fraa han kjem og til han atter fer tilbaka, driv fram alle dei mangfalduge Krafter, som ero paa Jordi. Dei ero med andre Ord berre ymse For-

mer, som Solkrafti heve teket paa Vegen fraa si Kjelda og til ho gjeng ut i det endelause Himmelromet.

Ofta ligg dat eit drjugt Tidarbil imillom dan Stundi, daa Solstraalen vardt bunden, og til dat Augnabliket, daa dan jamgode Krafti vardt brukad elder løysteſt; i slike Tilfelle syner dat seg, at Krafti er gøymd i ymse Emne gjenom langa Tider. Vaare Steinkol, til Dømes, ero Leivningar fraa ovstore Skogar, som ved Hjelp av Varmen vokso fram, lenge fyrr Mannen vardt skapad. Ved store Jord-Umveltingar komo dei under Vatnet, og paa Grunn av ei sein Sunderskiljing, som dei darved vordo fyre, vardt Kolet elder Koltoet (Kulstoffet) utskilt. Kvart Pund Steinkol er upphavlege framkomet av ei viss Mengd med Kolsyra, som Trei i desse Skogarne hava sunderskilt, og denne Sunderskiljing kravde fyre kvart Pund Kol ei Kraft, som var i Stand til at lyfta 1 Pund i 10,900,000 Fots Høgd. Og naar me no til Dags brenna Koli, so finna me denne Krafti atter. Ho laag gøymd og unyttad i Koli, og me bruka ved Uppbrenningi av Koli soleides endaa dan Varme, som Soli sende til Jordi fyre Millioner Aar sidan. Me nytta denne Krafti fullkomen ut, naar me vilja faa oss Varme ved at leggja Eld paa;

men sosnart som me vilja bruka henne til at faa fram mekaniskt Arbeid, daa vita me, at ein inkje kann verja seg fyre dat, at ei heil Mengd med kjennande Varme verd fri, og soleides kann ein helder inkje faa umskifta elder godgjera i Arbeidet all Varmen, som kom fram ved Branden. Med eit Skaalpund Kol, som me brenna under ein Eimkjetel, kunna me ved Eimen letta eit Skaalpund Tyngd til ei Høgd paa 432,000 Fot, i Staden fyre at Varmen, sosramt me kunde faa nytta allsaman, vilde vera god til at letta Pundet 10,900,000 Fot i Høgdi. Største Deilen av Krafti heve soleides paa denne Maaten utstraalat i Form av frigjord Varme, i Staden fyre at bindast til Vatnet i Kjetelen og umskapa dat til Eim. Men i alle Tilfelle er dat eit greidt Vitnemaal um Principet elder Logi fyre Uppehaldet av Krafti. Og dette Princip, at Krafti er æveleg vedvarande og aldri tryt, er dat, som Vekselverknaden av Naturkrafterna kviler paa, i dat minste som i dat største, i Solstraalen og i Vatsdropen, i Land og i Hav, i Is og Varme, i daudt og livande, paa Jordi og i dat endelause Himmelromet.

(Framhald.)

Heimferddagen.

Av Hans Mo.

Det hadde voret slik ei fin Haustnatt her eit Aaret, Folket paa Mo skulde til Sæters og buføra. Alt i Graalysingi vardt no den eine og daa den andre Stovedyri upplati, og ut or kvar stakk det eit Hovud, som gnikade Svevnen or Augo og keik etter, um det var godt Ferdavedr. Jau, det var so fint som det kunde vera.

Gamlekararne hadde lagat til sina Greidor um Kvelden, maa vita. Sledarne stodo i Tunet med sine fastgyrte Kjerald. Paa sine Stader stodo Byttor og Ambrar med Hisfekrokarne ikrokte. Det er Kroppar, som inkje forsova seg, dei gamle Natteramnarne. Ho var inkje breid den gule Dagsrondi yver Fjelltopparne i Aust, fyrr dei smaug i Veg den eine fyre og hin etter. Kvar og ein, som var før til at bera heim eit Smørhylke, ein Myseambar elder

eit Ostekjerald, laut avstad i Dag; og alle hadde Hug at vera fyrste Mann paa Sætravollen. Men der Vegen er so lang som til Mostødlen, kann det lagast paa ymse Maatar, fyrr ein fram kjem. Den, som vil vera den fyrste, kann lett verda den sidste. Naar det til Dømes brotnar eitkvart paa Sleden din frametter den steinutte Vegen, anten ein Tindlevol elder ei Flauta, og du so skal upp i Skogen og hogga deg eit Braafengje i Staden, nøydest du fint til at sleppa Braadhugen din, um du inkje skal koma til at liggja endaa lenger attende.

Elles var det jamt so, at Folket paa Mo sankadest ihop til ei einaste Horg paa Heimferddagen. Men daa kann du tru, der kom til at slagsa Ordkast um Dyro frametter Vegen. Som oftaste kom det no til at ganga ut yver einkvar i Laget, som vardt vald til Skotmaal; og ein laut sulla taka imot, kvat ein fekk, sofremt ein inkje kunde giva atter av same Slaget, nokot, som inkje er so greidt, der det vil vera so mange um ein, for alle skal no giva sitt Ord til den, som under ligg.

Den Dagen, som her verd skrivet um, var det han Lars, den kaute Joraguten, som vardt Skotmaalet deira. Han skulde erva ein stor Gard og

vilde gjerna gjera seg til av detta. — Slyngstad var ein Kvileståd paa Sætravegen. Der laag ein Lyfteistein, dei kallade honom endaa Brunekaren, avdi han var av brunt Grjot og tyngre en ein skulde tru etter Storleiken. Det var nokot til at slita paa fyre Gutarne, naar dei foro framum, serlege paa Heimferddagen, for daa var det so mange, som saago paa, ser du. Han Lars slo paa, at det fulla laut vera han, frægaste Ervingen, som ogso laut vera den næmaste til at lyfta Steinen den Dagen. Men Ferdalaget hadde nog ein annan Meining. Det fekk no Guten ogso vita av Slengjeordi, lenge fyrr dei komo fram til Slyngstad. Han Gamle-Olav, han Spelar-Hans, han Stor-Elias, som eldst skulde vera, dei gingo i Brodden, mylte og smaalogo, medan dei yngre skaut. Og det var uvandt at skyna, at det ofta raakade honom Lars, som gjekk og beit seg i Lippa og slo med Ferdastaven burt i Oreskjørri, so at Bladi sauk. Men daa so ein i Fylgjet slengde nokre Fanteord ut um ein Joragut, som gjekk paa skeive Friarføter til henne Ragnhild paa Mostødlen, daa kunde ein greidt sjaa, at han Lars vardt kavande sinnad. Han freistade med at svara, men det var ingi Brodd i, so at Spottaren berre bles aat honom, medan heile Laget log honom ut.

Daa det leid fram til Midmorgon, naadde Ferdalaget upp til Slyngstad, ringade seg paa den grøne Vollen, og kvar og ein søkte Sessen sin. Og gild Sess var det, kann du tru. Det teiknade seg framleides til det sinaste Vedr all Dagen. Paa Himmelen synteſt inkje Skydotten, i minsto inkje paa den Bolken, som var i Synsrom der millom Fjelli. I Vest stod den strake Nupen, som no alt hadde fenget Sol paa seg og difyre likſom flein aat Fjellet, Rambjørgi, ausſt i, som stod i djup Skugge. Men jamvel med Sol paa seg ser Rambjørgfjellet ut som ei Trollkjering med ei uhorveleg Nos og ei grinall Augnabrun. I Nord derimot ris det smilande Tverberget, eit av dei likaſte Fjell, eg heve seet her paa Vestlandet. Fraa Dalen og uppetter den digre Kjegla er Lauvskogen av Bjørk og Alm og Selja og Raun og Hegg so tjukk og tett som ein Boste. Ber det upp um Skogen, er det bjarte Rindar og ender og daa ein liten Snjobred, som aldri taanar upp. Høgt yver alt risa dei undarlege Tverbergtindarne, som ero so makalauſt like kvarandre med kveſte Piggar som paa ei Kruna. Jamen er det ei gild Kruna; Gaaror og Blik paa den blaae Grunnen heve ho til Blokkor og Lauv. Men skjelva gjera dei inkje; for

Brudi kastar aldri paa Nakken sin. Verre naar Uvedret med Skodda kjem farande millom Fjelli, kann det sjaa ut som Tindarne vordo førde gjenom Skyflokarne. Ogso i sterkaste Solgullet, naar du starar lenge paa deim, kann Topparne liksom dansa og bivra; men naar du so turkar Augo og ser upp atter, standa Tverbergtindarne lika støde og strake som fyrr. Det stend Age av slike Fjell, naar du sit som ein Maur paa Kvilesteinen under deim og kjenner den kalde Snoa ifraa Bredarne deira paa Panna di.

Han Gamle-Olav hadde inkje fyrr funnet Sessen sin, so strauk han Huva av seg som i ei Kyrkja, leet Synet fara fraa det eine Fjellet til det andre. Det var inkje fritt han smilte, daa han kom til Nupen.

„Jau, i Dag er han fin," sagde han; „han er inkje altid so. Eg kjenner Karen, eg. At fara etter Rjupa der uppe og faa Myrkeskodda paa seg er inkje vidare fjelgt. Du veit inkje meir, kvar ho kjem ifraa en den, som blind er. Men der, du er komen, lyt du vera, tildess ho lettar, sofremt du inkje vil ganga deg ut paa nakne Floget. Ein Gong laut eg halda ut ei Haustnatt beint ned under den vesle Tonni,

som de sjaa stend ut i Syndi som ein Ørnevæng. Skoddevinden var so beisk, at det var som du skulde vera spildrande naken. Eg var mest lika ille ute daa som den Gongen, dei jagade etter Bjørnen, og eg og han Kolbein Brautaset skulde sitja her upp under Rambjørgi. Han lagde til med slikt Vedr og Himmelsfok, at me mest vordo nedsnjoade, endaa det inkje var meir en fjortan Dagar til Jonsok. Det verste var, at han bløytte Krutet vaart, so det berre var Kniven at lita paa, um Bjørnen skulde koma. Men han kom no helder inkje, som vel var."

Um desse Hendi sine fortalde Gamlingen, medan han skaut Pusten. Men fyrr han fekk risa upp atter, laut han fortelja um, kor det bar til ein Gong han gjekk etter Bukkar.

„Det kom Bod heim her eit Aar i Slaatten, at Graabeinen var fornamd fram i Engesetdalen. Eg og han Halvard, Bror min, og Barstadgutarne hadde ein liten Bukkedott gangande her upp i Tverbergnutom. Ja, det var no berre eit Par Hundrad Beist. Men største Luten var av det makalause Aarsetslaget.

So laut me kasta Ljaaen daa. Det var endaa det Aaret, Engesetskogen braun av, og Aakren kom

paa oss, fyrr me hadde halvsleget. Men so laut me bida ein halv Dag paa Barstadgutarne, og daa dei sidstpaa komo, hadde dei berre teket med seg kvar sitt Plogjarn til at klappa paa med ein Skohamar! Daa vardt eg sinnad. Men han Arne Mo, Byrsesmiden, gav deim Skjotegreidor han, maa vita. Heim paa Vaarstødlen vaar frette me, at dei skulde hava møtt ei Vargeskreid paa tie Stykkje og funnet femti Daudskrottar. Men naar me so komo fram paa Svevnhaugen, daa skaut Nupakararne so grovt, at eg vardt fælen, eg. Men han Halvard og Barstadgutarne vordo reint rasgalne, ladde og skaut, ladde og skaut, medan dei sprungo. Kvat dei skaut paa, maa dei sjølve vita. Eg veit, eg spurde deim, um det var etter Sokkerjupor dei jagade, sidan eg saag, dei peikade fram mot Engesetstødlen, der Gjentorna var sjaaande uppaa Stødlshaugen. Me saago vist ingen Graabein den Dagen. Det einaste livande, som det vardt brent Krut paa, var ein Bukk, som hadde sett seg i Skorfeste i eit Gil. Det var umogelegt at naa honom, endaa eg var paa mitt beste daa. Jamen hadde han rivet upp Grasvollen og etet svart ikring seg, arme Ting. Me rivo Gras og synte honom; men han vaagade inkje det Sprauget

paa tolv trettan Alner, og so laut me skjota honom ned, det var raadlaust annat. Me funno inkje Helvti av Bukkarne paa denne Sida Tverberget. Men daa det leid so langt aa Dag, at me inkje kunde kringganga, var det, at me freistade det namngjetne Vaageskykket at kliva yver Tindarne. Paa ein Stad, ja me kunna inkje sjaa det herifraa, laut me skreva yver ei Egg ein etter hin og aka oss framyver som paa ein Hesterygg. Paa baada Sidor var det stupande Braadjupet. Men enno rakk den eine Tverbergtinden upp yver Hovudet vaart, so me liksom kjende ein Stydnad i at festa Augo paa honom. Eg tenkjer, eg heve vel inkje voret nærmare Dauden i all min Dag. Det er elles undarlegt i Ulendi, at fyrst naar du er komen nedatter paa Slettemarki, tykjest du sjaa kor stygt du heve gjenget."

„Men korleides var det med dei tvo store Hundarne dine, du Gamle-Olav?" spurde han Spelar-Hans og snudde paa Feleskokken, som han heldt i Fanget.

„Jau, det var just det, eg vilde fortelja, at me laut handlanga Hundarne millom oss yver Eggi; dei vaagade seg inkje ut paa. De kunna tenkja, kor der saag ut, slike Hundar som det var. Eg fekk deim

som Kvelpar hjaa Gamle-Juten. Moder deira var endaa komi fraa Engelland. Det var av dette Doggeslaget med breid Flabb og likjom dubbel Bringekoll. Dei foro inn i eit Hol her upp under Rambjørgi og drogo ut ein Rev, som dei slito av paa Midten millom seg. Fram paa Storebrauthaugom drap den eine av deim ei Gaupa same Gongen, — nei, lat meg inkje ljuga, det var ein annan Gong. Han Brakar, me no hava, er elles inkje ulik deim. — Men det var vel inkje her me skulde sitja," sagde Gamlingen snøgt og reis upp; og dermed lagde heile Laget i Vegen, han Olav fyre og hine etter.

Arne Rimen, ein Unggut paa attan, som no var komen til, hadde seg snøgt fram aat Spelemannen, slo paa Feleſtokken med ei Orebuska, han bar i Handi, og vilde hava honom til at setja i med ein Slaatt.

„Det er no inkje Brudferd me fara i helder," lagde han Stor-Elias fram i daa. „Du kann no lata Feleſtokken vera, tildeſs me koma fram paa Stødlsvollen, veit eg."

„Nei, høyr han Elias," sagde Spelaren. „Han vil fulla inkje liiva Ragnhild, Dotter si, i Dag, er det likt til."

„Berre agta Fela di du, og syt inkje fyre Dotter mi," svarade Elias.

„Berre agta Dotter di du, han Tore Haugen, Stordansaren, er og med i Buføra," slengde Spelaren snøgt atter.

Daa han Lars Joraguten høyrde honom Tore nemnd i Lag med henne Ragnhild, sette han Staven so hardt mot Marki, at han rauk i tvo Molar.

„So," sagde han og slengde samstundes Stavemolarne mot ein Stein. „Han Tore kunde gjerna hava spart paa Skoerne sine fyre den Skuld, ho Halte-Guri var no altid før til at bera heim Mjølkedropen til Fostekjyri aat Moder hans."

Men no snudde han Gamle-Olav seg braadlegt mot honom og svarade med Rukkor paa Skallen: „Ja, men er det inkje undarlegt voret likavel, at sume verda myket gildare Karar av nokre Mjølkedropar en andre av ein heil Flaum?"

„Jamen er det so," svarade Lars heilt tosken og glaapade tilbakar paa honom Tore Husmannsguten, som heldt seg attraft i Flokken. Heile Laget, baade Mann og Kvende, snudde seg i det same og saag paa den spræke Guten, som gjekk der staut og aalvorsam. Men etter denne Vendingen i Ordkastet vardt det tagalt eit heilt Stykke frametter.

Fraa Slyngstad og fram til Mostødlen er det hardla ulendt Veg. At køyra ei Syre-Tunna i Lasset der er helsefslitande baade fyre Dyr og Mann. Men so heve det voret og so er det, og so vil det maa henda verda endaa eit Bil frametter. Bur det tvo elder tri Mann paa ein Gard, vøla dei nog Stødlsvegen sin, men sekstan Mann so som paa Mo, det er for mange Hovud til at faa under ein Hatt.

Daa Ferdafolket var komet upp aa Kjeringdalsbakken, saago dei fram i Stødlstunet. Røyk steig upp fraa Seli og drog seg sleikande uppetter Kjeringi, eit Fjell, som heve Æra av, at heile Dalen fyre dess Skuld nemneſt Kjeringdalen. Men sjaa, der kom alt Buskapen. Dei hadde slept honom, for i Dag funno dei Raasi sjølve alle Bjøllekyrna, som i Brodden gingo. Berre han Brakar, han Sylvfot, han Ring og alle hine Buhundarne vaaro med, toko mot og bægde paa alla Sidor, vordo usambe, rjuko i Hop i Dottar og bitost so det var paa Livet.

Men ho Brita, Gunhild, Margit og alle hine Grannkonorna i Laget laut daa helsa paa Buskapen sin. Dei stigo upp aa Steinar med Kauing og Salt og Godsnakk, lokkade til seg Smaakvigorna og saago aat, um dei hadde vakset. Jaumen hadde dei

so, sume jamvel nokot gjølelegt og. — „Drag heim, drag heim!" ropade dei daa, Hundarne gøyddе, Bjøllorna klungo, og Gjætargutarne bleso paa Lur fram paa Støolen. Jaumen var det Liv millom Fjelli.

Hadde du, som inkje heve seet ei Sætr, voret med i Laget den Dagen, vonar eg vist, du vilde likt deg. Det er inkje so klent helder at koma fram til Gjentorna, som hava tutlat i Mark og Skog all Sumaren og ero difyre sjølvsagt lika friske som Blomen blømande burtetter Heidi. Dei sjaa vel ut. Ingen skal klaga paa Holdet deira. Og so kunna dei sysla so vinlege ikring deg med den beste Hug til at gjera vel imot deg, so at du laut vera radt ein Grin, um du inkje skulde kjenna deg uppkveikt og glad.

Ein skulde tru, at Gjenta var ovlege glad den Dagen, ho slepp heim; men det er inkje altid so. Ho lengtade vel mang ein Gong heim etter Romet sitt paa Budi, etter Kyrkjestakkarne, Helgarplaggi, Ringarne, Sylgjorna og alt hitt; men kor som er, no, daa ho skal bjoda Velfare med Mark og Skog, kvar den Kjelda ho speglade seg i, kvar Steinen ho sat paa, daa Tankarne vordo mange og foro so vida kring, no vil Heimhugen likssom kverva og Modet

siga. For her paa Sætri kjendest ho stundom heime so som ingen annan Stad, og her livde ho maa henda sine gladaste Stunder. Det er ogso det frie og skuldlause Livet her uppe, som gjerer den sedsame Bondegjenta so tekkjeleg og i Vissa giv henne den naturlege og fagre Bragdi, som dessverre so gjerna vil vaskast av, naar ho kjem inn i „Kulturen" og fær seg „Kondition". Det skil seg, kvat To ho er av, um det inkje kann verda Raaskap daa, der det fyrr var Finleike. Men i alle Tilfelle vil ho hava vondt fyre at vera seg sjølv, so som me sjaa henne i Selet sitt paa Heimferddagen, der ho heve so lett fyre at vera det. Der er det ho, som er „Moder sjølv i Stova". Baade Husbond og Matmoder liksovel som den andre Huslyden ljota baade takka og laata vel yver alt det, ho „Litlemor" heve at bjoda fram. Men so fer ho no helder inkje med nokon Besalldom, kann du tru. Fyrst skal Mjølki smakast; so kjem Dravlen, og etter at Ungdomen heve gjølt upp honom Spelar-Hans og fenget seg ein Leik paa den grøne Vollen, kjem Ferdagrauten reikande fram i Fat og Skaaler, jamvel i Mjølkekollor, so det er god Matarvon; og ho Ragnhild hadde fulla Æra av Gjestebodet. Det var dei, som slogo paa, at ho

viſte no inkje, kor utifraa ho vilde hava alt Slag den Dagen, ſo det fulla laut vera fyre einkvar, ho vilde ſyna ſeg, maa vita. Men dei ſegja no ſo mangt og. Sume meinte, at ho Brita, Moder hennar Ragnhild, hadde ſagt, at dei ſkulde bjoda honom Tore Haugen upp i Selet og eta Ferdagrauten hjaa deim, men at han Elias inkje meir ſom vilde det, og andre meinte, at han Tore ſjølv inkje vilde taka mot Tilbodet. Det visſaſte var no vel, at alle vaaro lika kloke.

Men altimedan lid Dagen. Han vil jamnaſte verda helder ſtutt fyre Ferdafolket, ſom annſemdaſt med Gyring og Tillaging av all Avdraatten. Naar Soli ſtend beint yver Rambjørgi, ſkal alle Mann etter gamal Sed loſa fraa Stødlstunet.

So ſtend Selet tomt. Gjenta tullar enno att med Dyri og er helder ſeinvori med at lata atter. Men Moder hennar ſtend ned paa Brauti, ſkyggjer med Handi fyre Solglima og ropar ſo lognt: „Kom no, kom no, Barnet mitt!“ Men daa ho Ragnhild ſnudde ſeg fraa Selsdyri, var det likt til, at ho turkade eitkvart or Augo med Fyrklædet.

I gamle Dagar laut fulla ei Skaal av ſidſte Mjølkemaalet ſtanda atter aat Huldri. Men det

var no den Tid. No er det onnorleides; og kven veit, um det er so myket gildare no, daa Folk ero so myket klokare.

Paa Kvilestaden ringade seg atter Ferdalaget. Men no var det større. Gjentorna vaaro komne til og hadde likſom ſett ein annan Farge paa alt i Hop. Merkjelegt nog, — no fyrſt toko Gutarne til at ſlita paa Lyfteſteinen. Paa Framferdi var det ingen, ſom røyvde honom. Men han fall drjug.

„Kor er det voret?" ſpurde han Gamle-Olav. „Er det ingen, ſom vinn med honom i Dag? Kvar er du, Tore Haugen? Steinen vardt lett fyre Fader din, Gud have Saali, daa han var paa det beſte."

„Aa, han Husmannen! Var han Kar fyre honom?" ſpurde han Lars Joraguten uvyrdet.

„Tak inkje Fader min inn i Svivyrdingi di, det bed eg deg um," ſvarade han Tore, og dermed gjekk han burt aat Steinen. Fyrſt tok han varlegt ned um, ſom det ſkulde voret eitkvart livande han tok paa, ſtod ſo eit Bil, men røyvde ſeg inkje.

„Tak i, tak i! Lat Ryggen til!" ſkreik han Spelar-Hans og ſkrattlog. Han Tore letſt inkje i vera.

„Men kvat er det du bidar paa, Gut?" spurde han Gamle-Olav helder misnøgd.

„Eg bidar paa, at Joraguten skal koma og leggja so stor Stein, som han kann lyfta, paa Brunekaren aat meg."

Han Lars so gjorde; men samstundes vardt Brunekaren uroad.

„No trur eg, han var or Lega si," sagde eit grant Maal. Var det Ragnhild? Ja, ho vilde inkje hava sagt nokot, Stakkar, men det slapp ut so uforvarande. Difyre snudde ho seg braadlegt og saag upp i Tverbergtindarne. Men Fader hennar saag strengt paa henne og sagde kvast:

„Det var inkje sant, Gjenta! Legg deg inkje fram i slikt."

„Ja, men no er det sant, du Elias!" svarade han Tore sjølv med Brunekaren i Fanget, lette den eine Foten upp, sveiv i Tunn paa hin Hælen og dreiv Lyftesteinen med den, som paa laag, mot eit Berg, so dei klovnade baade tvo.

„Saag du det, ditt Styggeting? sagde Guten til Trollet, Hovudet fauk av det."

Desse Ordi skreik han Arne Haugen beint inn i Øyro hans Lars Joraguten. Han slo etter Arne

med høgre Handi, men naadde inkje. So reis han upp og gjekk eismal nedetter Vegen. Men han Stor-Elias og heile Fylgjet var radt forbinade.

„Slikt Tak heve eg inkje seet i all min Dag," sagde han Gamle-Olav.

„Ja, Guten er vel nog," svarade han Elias. Dermed tok han Byrdi si, gjekk sin Veg og heile Horgi etter honom.

Berre han Tore vardt atterverande. Han hadde ventat eit Augnakast fraa henne Ragnhild, men Gjenta var vordi skræmd ved Ordi til Fader hennar og saag bljugt mot Marki. Han Tore sat og ventade, at ho skulde snu seg berre ein Gong, men det vardt inkje. Han vardt sitjande eit heilt Bil, og daa han sidstpaa reis upp, gav han seg goda Tider heimetter. Han var litetvetta hugsaar og totte, han hadde inkje at hasta etter. Husmannsguten gjorde best i at halda seg fyre seg sjølv, tenkte han, og han kjende seg likson litetvetta harm i Bringa.

Daa han so naadde heim til Svevnhaugen, sat der ein Mann og bidade paa honom. Det var ingen annan en han Gamle-Olav.

„Sit du endaa her Gamlen?"

„Aa jamen, eg fer til at styrdna i Fotom no. Dei laupa fraa meg dei, som yngre ero."

„Du heve no voret mest i Brodden fyrr i Dag likavel," meinte Tore.

„Aa ja, men det segjer stopp no. Eg lyt kvila meg dess meir ut atter. Elles hadde eg eit litet Ord at segja til deg, Tore. Høyr meg du, heve du voret uppe hjaa honom Elias i nyom Bilom?"

„J—a."

„Kor vardt du motteken?"

„Aa, som eg kunde venta meg, eg Husmannsguten."

„Rett so ja. Men gjer so vel at lydast upp atter i Kveld."

„Tru det skulde vera verdt?"

„Ja, gjer so. Eg bed deg," sagde Olav visst. Dermed so snudde han Talen tvert paa nokot annat, i di han gav seg til at sjaa utyver Dalen.

„Kor ofta eg her heve kjent meg glad og uppkveikt paa Heimferddagen," sagde han. „Eg heve vida vankat og seet mangein fager Dal; men Modalen vil no likesom hava Vinningen likavel. Naar Lauvskogen iklæder seg sitt skiftande Haustskrud, medan Marki enno er kaalande grøn, og denne velsignade fagre Buskapen skundar seg heimetter Fjellsida so vitug paa, kvat Dag det er som nokon Ting, daa,

du, er det fint at koma reikande heim gjenom Dalen. Jamen er det so."

„Men kvifyre skal eg lydast upp i Garden til honom Stor-Elias, du Olav?" spurde han Tore, som fulla hadde Tankarne sine andre Stader.

„Det fær du inkje vita, no inkje. Men du veit no vel, korleides du vilde fara aat der i Stova, naar det var no so, du var velkomen?"

„Aa ja eg trur det mest; men — — —"

„So ganga me heim daa," sagde Gamlingen med ein Skalkesmil, reis upp og vilde taka Byrdi si. Men han Tore hadde alt teket henne attaat si eigi og foor dansande nedetter Bakken med heile Greida. Daa mylte Gamlingen i Skjegget, kann du tru.

Um Kvelden, daa Avdraatten var boren inn i Budi, og alt var sett til rettes, og ho Brita, Kona hans Elias, hadde kveikt Ljos i Stova, dukat Bordet og sett fram med Smør og Leffebraud og Nyaaringspotetor og alt det beste, som til var, daa hadde dei seet, at han Tore var komen til Bords hjaa deim, at ho Brita lagde burt aat honom i eino, endaa han litet og inkje aat, at ho Ragnhild sat beint imot paa hi Sida aat Bordet, og at han Elias sat og godrødde med honom Gamle-Olav.

Song til Bjørgvin.

Sungen paa Klosterhaugen i Feststemna
17de Mai 1870.

Tone: I Rosenlund under Sagas Hal.

Me sjaa eit Langskip, som ligg i Hamn
imillom ubygde Strender;
men Olav Kyrre stend fram i Stamn,
mot Land han Augat vender.
Han ser paa Vaag og Nes og Fjord,
han ser til alle Sider,
han ser i Tanken Byen stor
innunder grøne Lider.

Han ser dei Hus i Bakkehall,
som upp or Jordi stiga,
og Kyrkjespir og Konungshall
fram syre Augo siga;
han ser dei kvite Segl i Rad
inn etter Fjorden hasta,
han høyrer Skip fraa framand Stad
med Song sitt Ankjer kasta.

Og framsynt Konung er ei sein,
paa Verket legg han Handi;
so ber han sjølv dan fyrste Stein
til Bjørgvin upp aa Strandi.
Hans Tanke er som friske Fræ,
um Vaaren lagt i Jordi.
Og Byen veks som mergfullt Tre:
Langt ganga Frægdar-Ordi.

No Treet aatta Hundrad Aar
stod under grøne Lider,
fekk ofta Hogg og Skadesaar
og røynde myrke Tider.
Men fram skaut nye Blad og Kvist,
so fagert voks dess Kruna,
og etter Eidsvolldagen visst
dat fekk sin beste Bunad.

Ja Olavs Tanke voks seg stor
og sterk aat alle Leider.
Sjaa Bjørgvin no kring fager Fjord,
kor vænt han ut seg breider!
Men Tanken er ei fullførd enn,
dat er so mangt at gjera,
og med vil alle Bjørgvinsmenn
i Konungsverket vera.

Henrik Krohn.

Slutning paa ein Tale

ved Opningi av ein Folkehøgskule.

Av Olav Lofthus.

———

— — — No er du komen ut, Gut, og du hev vel alt ei Tid lengtat fyrr du vann yver Durstokken. Du er komen ut, men kor lenge verd det vel, fyrr du lengtar heimatt? Det vilde inkje vera bra, um du skulde koma til at tykkja so langt, at du inkje kunde trivast paa Skulen, men tie Gonger verre, um du her skulde gløyma Heimen. Far og Mor ventar deg heimatt til Vaaren, og det fyrste, du daa skal syna deim, det er, at du er deira eigen Gut. Kann du dertil bera med deg fraa Skulen nokot godt og nyttigt, du hev lært, ei høgre Syn paa Livet, og Tankar, som bera upp yver Dagsens Slep og Slit, so vil Far din i deg sjaa sin beste Draum uppfyld. Han vilde og gjerna lært og seet i sine unge Dagar, men her var inkje so god Raad med det den Tid;

og naar han mangein Gong stod hjelpalaus av di han forlitet hadde lært, daa saag han paa den litle Son sin, som kann henda den Tid gjekk og leikade seg paa Golvet, og ynskte, at han maatte koma lenger. Og kvar ein god Son vil gjerna gjera Faren til Vils.

Du er komen ut, men her er mangt at sjaa ute. Du gjeng inkje langt, fyrr du ser andre Seder og Skikker en heima i Stova hans Far din. Du vil sjaa mangt, som er godt at minnast, og kann henda meir, som er betre at gløyma; men dei gode Ynskje, som fylgde deg ut fraa Barnaheimen, dei vilja hjelpa deg baade til at minnast og til at gløyma.

Du er komen ut, — ut for at læra; men galet vilde det vera, um den Kunnskap, du vann, skulde faa deg til at vanagta Heimen og di Barnatru. Eg lyt faa Lov til at fortelja nokot litet av eigi Røynsla, so vil du kanskje skyna meg betre. Eg var liten, og Mor mi gjekk og leidde meg i Handi ein Haustkveld etter at Stjernorna hadde teket til at blinka paa Himmelen. „Kvat er Stjernorna av?" spurde eg Mor. „Det er Englarne sine Augo," sagde ho, „ser du inkje kor dei blinka og smila aat deg?"

„Men kvar ero Englarne um Dagen daa?" spurde eg vidare. „Daa lata dei Himmelen att og sitja inne og syngja og spela paa Gullharpor," sagde ho.

Eg gjekk og tenkte paa detta ei liti Stund: Himmelen open um Kvelden og att med Dagen, og so sagde eg: „Daa vil eg faa døya um Kvelden, medan Himmelen er open."

Det var litet at fortelja detta, du vil vist sanse fraa dine eigne Barnadagar mangt likt, - - det var inkje difyre, eg bar det fram; men denne Tydingi av kvat Stjernorna vaaro, den hekk i meg lenge. Eg vardt stor og lærte, at det var endelaust store Kroppar, som velte seg deruppe. Det var skakande og agande at vita det; men det vermde inkje so som Æventyret hennar Mor.

Det er mange, som flira aat „gamla Skrønor", naar dei faa ei rettare Tyding av Spursmaal, som dei ein Gong vardt standande ved; men det er inkje Skrønor, — det er Barnatru, som lik ein frostfri Kjellar ligg under den Bygning, som Livet byggjer, og som kann verda baade høgre og lægre. Flytter ein Huset burt fraa denne Grunnen og byggjer berre paa den nye Visdomen, so fær ein det og bygt, men

det finſt inkje eit froſtfritt Rom i heile Huſet, naar Kulden kjem ſikkelegt aalvorſam.

Du er komen ut, og verd du lenge ute, vil du myket faa røyna. Du vil inkje alltid koma i Hus, der dei ſo ſom heima hjaa Folki dine venja Barnet at beda ſi Kveldbøn fyrr det legg ſeg at ſova, inkje kvar Sundags- og Laurdagskveld ſyngja og leſa. Du vil høyra og ſjaa mangt, ſom er Vanvyrding av det heilagaſte og kjæraſte, du veit. Daa er det vel, um du lengtar heimatt og helder ſkundar paa Heimvegen og inkje tykkjeſt finna Fred, fyrr du fær beda di Bøn i Foreldrefanget, — det er Barnets beſte Altar. Der vil Barnet finna ſin Gud att, um det tykteſt hava miſt honom ute i Sveimen.

Med Barnatrui ſom Grunnvoll ſkal me daa ſaman freiſta at læra kvat me rekka i Vetravikorna. Den vilja me inkje ſleppa, for ſo kunde me koma ut paa vegalauſa Vidder og inkje hitta heimatt.

Ein Gang paa ein Vetradag.

Det var ein Jalahelg paa Auſtlandet. Snjoen laag nokre Fot høg; men det hadde voret Lyveder i nokre Dagar med hardt Froſt attpaa, og no laag det ein tjukk Skare, ſo ein kunde trygt ganga kvar ein vilde.

Fleſtalle, ſom i Barnsdomen hava ferdaſt ute i ſlikt Føre, vilja minnaſt kor glade dei ſprungo i Kring paa dan trauſte Skaren og med Glederop ſette i fullt Renn yver djupa Veitor og høge Gjerde, ſom no berre ſynte ſeg ſom ſmaa Dælder og Høgder. Jamvel ſom vakſen Mann kjenner ein nokot av det ſame, naar ein fer fram etter den kvite, faſte Snjoflata; — kor ſom er var det no ſo med meg, daa eg paa Morgonſida den nemnde Helgi i bjart Solſkin med Stav i Handi ſkreid burt etter Markjerna. Meſt utan at vita av det ſprang eg med trappande Stig frametter

eit Stykke, — inkje fyre di eg vilde røyna kor trauſt Skaren var, for det viſſte eg, men berre av ei barnsleg Lyſt, ſom atter vakteſt hjaa meg. Den litle Hunden min, ſom fylgde med, ſynteſt vera teken av ſame Hugen, og jamvel endaa meir en eg ſjølv var; for medan eg ſnart atter gjekk i Make, heldt han lenge paa med at fara ſom vitlaus aat alla Sidor burt etter Markjerna og gøya affalege.

Lufti var rein og god; det kunde vera umkring eit Par Grader Kulde i Soli; dertil var det ſtilt Veder, ſo at Røyken ſteig beint upp til Himmels fraa Huſi paa Garden, ſom laag paa høgre Sida upp aa Bakken.

Det var ikkje berre eg, ſom hadde vordet lokkad ut av den fine Dagen. Ned etter den ſame Bakken, paa ein Stad, der det var nokot bratt, foor det i ſljugande Tan den eine Kjelken etter den andre med huande Born paa. Der var ogſo vaksne med, baade Gutar og Gjentor; dei hadde fenget ſeg eit Par Langſledar, og paa kvar av deim ſat det ei aatta tie Stykke ſamantrengde. Nedetter gjekk det, ſo Snjoen ſtod ſom ei Sky framfyre Føterne paa Styremannen. Av di at Marki var helder ujamn med Tuvor vordo Sledarne i det ſljugande Renſlet ofta ſlengde høgt

upp fraa Marki, og daa vardt det alltid kvasse Skrik av Gjentom og kaate „Hei"-Rop av Gutom. Naar det ender og daa leet eit sterkt, samrøystat Rop med ein Skrellelaatt attpaa, daa var det jamt ein Slede elder ein Kjelke, som hadde voltet, so at heile Bølet laag i ei Røra i Snjoen; naar so Sleden stundom kom paa rett Kjøl atter, so gjorde han paa eigi Hand nokre ville Sprang ut fyre Bakken og vardt kann henda fylgt eit Stykke paa Vegen av ein liten Stakkar av ein Gutunge, som valt i Koll nedetter.

Som eg reikade lenger fram etter Dalen, kvarv Ljomen av det kaate Staaket smaatt um Senn burt i Viddi. Eg tok daa Vegen til ein stor Granskog, som fyllte heile Dalen ein god Fjordung frametter. Endaa meir en eg fyrr hadde voret lokkad av den glitrande Snjoflata, vardt eg det no av den myrke Skogen, og snart stod eg i den dimme Skuggen av Treom. Berre paa einstake Stader attved Skogar-Tromen, der det var helder glennutt og opet, kunde den laage Soli senda sine Straalar millom Treom ned paa Snjoen. Skogen var no lettgjengd og trygg paa alla Sidor; men paa andre Tider var det litet framkjømt fyre Dike og Myrar. I Skogom er det jamt so, at Skaren er veikare en paa Slettom; men

no hadde det voret slikt hardt Frost, at Skaren ogso laag trygg imillom Treom. Berre sume Gonger, naar eg kom for nær aat ei Granbuska, gjekk eg igjenom og sokk daa helder djupt nedi.

Det var stilt i Skogen; men her og kvar saag eg likavel Merke etter Liv. Paa ein Stad vardt eg var det sermerkte Faret etter den hoppande Haren; det krossade Vegen min elder gjekk i Ring um eit Tre attved. Paa ein annan Stad var der lange, fine Render med krosslike Far, som synte, at ein Fugl hadde hoppat burt etter Snjoen, daa han endaa var mindre hard. Braadt flydde det ein stor Fugl flagsande burt fraa eit Tre i Nærleiken. Greini, som han hadde setet paa, røyvde seg so sterkt, at Snjoen rapade av og fall ruskande ned imillom Greinom, i di han tildeils vardt til fin Mjell. So vardt alt stilt atter.

Daa eg hadde gjenget ein halv Time paa Lag, var eg fyrst rett komen inn i tjukke Skogen, der det sjeldan ferdast nokon Mann. Storslegne, skjeggjutte Graner stodo her tett saman og sløkte i Hop dei tungt lutande Greinerna, og ofta laut eg sjølv luta meg ned og smjuga innunder til at vinna fram. Her var det ikkje greidt at halda rette Leidi. Dei

digre Trei, som stodo attaat kvarandre, gjorde det reint dimt herinne, og daa eg stadnade og saag i Kring meg inn i den døkke Skogen, dei faae Stig, som Syni kunde naa, so kjende eg, at denne Stilla og dette Einværet vordo mest kjøvande.

Sidan eg gjekk inn i Skogen hadde eg ikkje seet den litle Hunden min, og so hadde eg reint gløymt honom. Men no foor han braadlegt med ei kaat Gøying ut imillom Treom og framum meg og so lenger inn i tjukke Skogen. Kor mykt dette Einværet hadde lagt seg inn paa meg, merkade eg fyrst no, daa eg kvakk ved den uventade Uppskræmingi. Men so vardt eg radt harm fyre di eg hadde teket Fæla, og sende det vreide Ropet: „Ditt stygge Troll", etter Hunden. Snart høyrde eg kor det ljomade i Skogen etter den kvasse Gøyingi. Det var greidt, at han hadde funnet eitkvart livande. Det synte seg og, at det var eit uppskræmt og sint litet Ikorn, som stod uppe i ei stor Gran og slo med dei smaae Føterne og klakkade paa sin sermerkte Maate, medan Hunden asade nedunder.

Skogen tok no til at skifta Bragd, med di at det her og kvar imillom Granom synte seg eit Lauvtre med sine nakne Greiner. Grunnen vardt nokot

meir høglendt, og snart kom eg til ein liten einstak Aas, som var tettvaksen med ein tjukk Skog av Lauvtre, Bjørk og Raun. Her var det ikkje stilt lenger, men eit heilt kvikt Liv, for ei Trasteferd paa nokre hundrad Stykke hadde sleget seg ned her. Dei foro flagsande og pistrande att og fram imillom Treom. Nokre Skogskjorer hadde gjort Lag med deim og just som dei vordo meg var, breidde dei ut sine fagre blaaprydde Vengjer og flydde lenger inn i Skogen. Hine Fuglarne letost som inkje var, og nokre smaae Dompaper synte meg det raude Brjostet deira myket nær, i di dei trunadsfulle hoppade paa Greinom tett attved meg. Daa Aasen laag høgre en Granskogen, steig eg upp aa honom til at faa sjaa ut yver Tretopparne, og snart saag eg heile Flata liggjande framfyre meg med alle dei Tusund av grøne og snjotakte Tindar, ljosleitte og solgylte mot Nord, — myrke og avsølte mot Sud. Men Syni naadde herifraa lenger en yver Skogen, burt aat Bakken, dar endaa Kjelkarne foro lystelege nedetter, og sud i heilt aat Havet, som langt burte glitrade i Soli.

Uppe fraa Aasen kunde eg sjaa, at dat no ikkje var so langt atter til synste Enden paa Skogen, og det var meg inkje imot, for eg hadde no reikat der

ein Time, og min Hug paa at njota Einværet i Skogen var vorden fullnøgd, — i alle Tilfelle for ei Stund frametter. Eg foor daa snøgt ned etter Aasen, i di eg ymist spraang elder skridde, og gjekk sidan frametter. Det var ikkje lenge, fyrr eg saag Far etter Folk. Det hadde nyst voret Vidhoggarar her; digre Stuvar etter nyhogne Tre stodo upp or Snjoen, som var nedtrakkad rundt ikring; friska Greiner og Toppar laago straadde ikring, og djupe Sledefar bugtade seg burtetter imillom Treom. Daa høyrde eg Barnarøyster i Nærleiken og snare Økfarhogg, og ei Stund deretter saag eg tvo raudleitte Smaagutar, som vaaro myket annsame med at lada Vid paa ein Kjelke, i di ein tridje Gut, som var den eldste og kunde vera ei aatta nie Aar gamall, med sime Hogg kvistade dei største Greinerna. So vis som han var med at føra den tunge Øksi var det sjaaande til, at det ikkje var fyrste Gongen han brukade henne. Den uventade Syni av ein „konsjonert" Mann, som kom innan or Skogen, fekk deim alle tri til at stadna med Arbeidet og bisna paa meg med store Augo, og soleides vordo dei standande so lenge me kunde sjaa kvarandre.

No vardt det kvart etter kvart større Glennor

i Skogen, og paa sume Stader sende Soli atter langa Ljosrender inn imillom Treom, som difyre framfyre meg stodo deſs myrkare upp imot Himmelen. Men snart var det ikkje fleire Tre framfyre meg, — alle stodo i Bakgrunnen; eg var no komen ut paa Storvegen, og det laag framfyre meg eit langt, glitrande Hall, som gjekk heilt ned aat Fjorden.

Fjorden laag med spegelblank Is. Tvo Sledar foro attved kvarandre frametter i eit ossa Renn; dei klaare, linne Tonarne av dei store einkle Dombjellor, som dei bruka so myket der aust, vordo borne upp til meg, og deira sorgblide Klang synteſt litet at svara til den fredsame Ro, som laag yver det bjarte Landslaget, — og likavel leet det so fagert. Men snart høyrde eg ogso Bjelleklang fraa ei onnor Sida, og denne lydde lystelegare.

Det nærrade seg meir og meir ei upprørd Blanding av mange Tonar. Ei lang Sledeferd kom imot meg, imillom deim ogso eit Par ovstore Sluffar, fulladde med Herrar og Damer, som med sin Laatt og sine lystelege Rop til kvarandre vaaro høyrande paa lang Leid. Det var eit Lag ifraa Byen, som var ute paa ei Køyreferd. Dei foro framum meg i fljugande Tan og vaaro snart langt av Vegen

atter; men lenge lydde dei burtkvervande Bjelletonar.

Eg gjekk no snøgt heimetter. Daa eg atter stod paa den gamle Troppi og fyrr eg gjekk inn skodade ut yver Landskapet og leet Tankarne atter ferdast etter Vegen, som eg hadde gjenget, daa hadde eg ei sterk Kjensla av, kor fager Vettradagen kann vera, og at Vetteren ikkje berre er ei Tid fyre det huslege Hygget attved den sprakande Omnen, men ogso i fullt Maal kann giva Gleda i Naturi.

16.

Dei dyra Byttene.

Ei Regle, fortalde i Vestmannalagja taa ein Synnfjoring.

Haar Ein sete soleisene i eit godt Lag likso her, so æ da maangt Ein kan komme ihog, so Ein enten kan ha haart elde vorte fyre. De æ no so hæve te preike aa fortelje, Godtfolk, atte eg tenkje mest eg faar prøve aa ha meg fram mæ eitkvert lite, eg og. Dæ nett ein ringe Ting, eg va tenkte te fortelje Doke aa æ da so De ve lye paa meg litevetta, so ska De faa høyre om dei dyra Byttene, eg kjøpte ifjor Sommar.

Jau, da kom eg soleisene fraa fyste Ti, atte eg hadde ei Ærend inn i Fjoren, eg laut faa meg Fat i Namn te Trevare, so eg vilde ha te setje istand Husehyttene mæ te Vintra. Eg ser da kjeme væl mæ te ha eitkvert sovore liggjande. Han æ ofte so

harnuin mæ Veira, aa treffe da te mæ slikt Aalaups Veir likso hitt Aare, so slite Ein store Ska paa Husaa. Dar æ eitkvert aafaatt meste jamnaste, ser eg.

Aa ja, me siglde inn Fjoren mæ ein fine Byre, kom inn aa fekk utrette da me vilde. Trevara fekk me teskiks, skjepa Baaten aa la ut atte paa Heimveien. Men so blees han opp mæ ein Vestavinde, aa me rodde aa sleit so hjartelæ utigjønnaa paa dinne ladde Baaten, atte eg foor te kjenne Blotævin i Munna. Men so seie daa eg dittene her: „Nei Kara, ditte røyne daa inkje paa, atte me ska liggje soleisene aa slite aa bale aa ingin Sta komme; me kan daa leggje ataat Landa einkorsta, eg he no den Truna, atte han vil bedage seg, naar Sola gaar i Have." Ja, dei tykte da hine og, trøytte va me, aa so vann me ut unde Nese aa la aat atte mæ nokre Naust.

Me bisna paa dittene her, atte dar va so mykin Baate ne mæ Landa: ka ditte kunde ha paa seg. So betøygde me Baaten so best me kunde aa gjekk opigjønnaa Veien aa dreiv att aa fram, mæ Vestavinden gjurla aa blees, sy Moro Skuld. Dar vart me vare so mykje Folk, so reika oppe i Tuna, aa daa fekk me høyre, atte Lensmannen va dar paa Gara aa helt Aksejone. Me hadde ofs daa inn i

Staua, me og, aa lydde paa, aa dei sette no fram maangt so vart kjøpt, so ikkje eg brydde meg om viare, men so kjeme dei fram mæ eit Par Bytte. Dei va kje nett nya, men da va sterka, goa Bytte, aa so tenkte eg mæ meg: „Ja ditta va no mest da einaste, eg sku ha Hog paa, sy me æ forkomne sy Bytte, heime. Eg mysste ei slike fagna Bytte hitt Aare i Fiskja, aa da kom seg soleisene: Dar va mæ ofs ein Leigekar inna taa Dala aa da va no eit Aalmoseting paa Sjønaa maa vete, so vente kunde no vere: han hadde inkje set Sjøen syr, aa da va syste Aare han rodde Fiskje. So va da eit Kveld me skulde te koke, atte eg sa mæ haanaa: „Aa du, ta dinna Bytta aa spring ne ette Namn te Sjø, so me faar skole Fiskin vaar." Han ut igjønnaa Døra mæ Byttene, men so kom han atte i eit Sendebo, forstaar eg, bleike so Bast: „Gu late eg visste kva da ha paa seg da eg saag ne i Sjønaa; daa eg sku ta Sjø op i Bytta, daa va da nett so eg grov ne i Eldmyrje;.... Eg he aldre set slikt Spøkri.... gje me va væl heime atte, Kara!".... „Forbanne deg Toske," sa eg mæ haanaa, „dæ Morelden du he set ne i Sjønaa, Fyre! He De kje haart gjete da, De Støyta, dar inn paa Dala? — Men

kar æ Bytta, du reiste mæ?" — — „Ja Bytta, Kar! ..... Neigu, Bytta sleppte eg, hinne; Bloe seig i meg, eg vart so forsære, eg kan kje snakke om da. Men eg ska forskylde Doke fy Bytta." Da va da siste eg saag hinne, aa inkje fekk eg noke fyre hinne helde.

Daa eg no kom dittene ihog — paa Aksejona, forstaar De — so bau eg paa Byttene aa fekk Tilslagje fy 12 Skilling, aa da va dei væl væra. Skillinganne skulde betalast te Lensmanna te Hausta, so da naudde inkje paa.

So vart me dar sitjande litevetta, fekk ofs Namn te Ol aa bytte imyljaa ofs, men so foor me daa te aa snakke om, atte me laut ha ofs neatte te Baata aa prøve aa grave ofs heimatte. Jau, daa me kom dar ne, daa va Baaten fulledamla aa Trevara rekja uto haanaa! Her vart eit anna Arbeisslag: Somme tok Baatanne aat hitt Folkja aa te aa slaate hit atte Trevara, so laag aa slaut bort paa Fjora: Huna, Stronga aa Bor aa alt da me hadde. Somme treiv Auskjer aa Skufle aa ka dei kunde finne, aa te ause Baaten. Eg aa Sveinen min me tok kver si Bytte, men, hjelpe meg, da va Trøyse, so gjore Mun; daa saag me ka Byttene budde te. Ja ha me kje hat

dei Byttene likevæl, so ha me kje faat Baaten lensa eit Skifte, da vona eg, aa eg va ratt fejen taa Byttaa aa tykte eg hadde gjort ein gromme Handel. Jau, so fekk me daa Baaten skjepa atte aa daa skapteſt han mæ Veira, so me kom oſs heimatte seint om sia, aa ditte va no væl nuk.

Men so va da no disse Skillinganne, so sku betalaſt. Dar va kje nett nokin, so foor imyljaa, so eg fekk skikke dei inn te Lensmanna aa soleisene forfoorst dittene her aa vart reint avleit. Inkje kunde eg fare inn eins Ærend helde, slike laange aa obesværlæ Vege mæ dei 12 Skillinganne, da va raalauſt, da. Eg tenkte no da og, atte da sku kje ha nokin Faare, men so va da eit Kveld eg sat aa putla mæ eitkvert lite oppe i Tuna, so kjæme dei sendande: han Lars aa han Jens Aſkveld eins Ærend fraa Lensmanna aa stembe meg te Kommisſions!! — — Eg vart so ovadaatten, eg va kje go te seie eit steinandes Or... so dei herme ette Kalla: Da fyste eg sa, da tagde eg stille. Nei eg hadde ikkje trut atte Lensmannen sku ha vaa so ittegaaige mæ meg, han fære ofte imyljaa aa eg ha tykt da ha vaa ein skaplæ Mann aa ein gjemeine Mann i alle Maata, so eg hadde slett ikkje trutt ditte te haanaa — — men

dar ser me! — — Aa ja, eg laut no love, atte eg sku fare ne paa Kommissionen naar Tia kom, aa da hadde eg no vœl gjort og, men so trefte da so meinslæ te, nett den Maaraaen eg sku fare, atte han saag ut te verte Brigde paa Veire. No hadde me noke Torv liggjande bort paa Øyene aa da va so godt turt, atte me laut ha da te Husanne. Dæ no so bedrøvelæ mæ ditte Veira: æ han oplyse ein Daen, so he du Aalvæta yve deg hin Daen atte, aa Torve da laut me bjerge. Dar æ no so nauelæ skogalaust dar bort paa Landa, difyl lyte me hjelpe oss mæ Torv, so me skjere i Myraa aa stopla opp aa tonna i Solene. So balte me aa førde Torv mest heile Daen, aa soleisene fekk eg inkje fare. Men eg tenkte itte da sia: kauskje eg verte slysen fy dittene her. Eg æ no ein Krype, aa naar dei ve røyne seg dei, so kan Ein snart verte knekte.

Men da va no gjort, so gjort va... dar va kje onnor Raa, eg fekk bie aa sjaa kor da vilde lage seg. Jau, her da lei framette, her kom dei aa stembe meg te Tings. Daa foor eg te aa verte rædde aa eg sette meg da so visst fyre, atte eg sku ha meg ne paa Tingje, enten da no va so elde so. Eg sette spildrande nytt Drag unde Baaten, skauta Aara aa

sette nye Hamlevia i, aa Kjæringja hadde bakt Raspeballa aat meg aa stelt te baa Niste aa Klæ i alle Maata, so eg va spent færige. Ditte va Tingafta; gilde aa gla va eg yve ditte, hadde faat Namn te Tobbak i Pipa mi aa gjekk ne aat Sjønaa.

So kom dar bortunde Land ein Baate, aa eg stogga aa vilde sjaa kven da va. Jau, so va da ein Passionerare, so kom taa Dampa aa sku nor i Verkje; Mannen va nauige aa vilde so gjenne ha ein Skysskar te. Dar kan du tene ein liten Skilling, tenkte eg, spraang opp i Garen so snaraste eg vann itte Trøyene mine aa so drog eg mæ dei i Skyss innigjønnaa. Da va so mi Meining, atte eg vilde komme heimatte naar da lei paa Natt, men daa me va framkomne, so sporde eg den Tiend, atte dei ha vaa om aa kasta litevetta Sild paa hi Sia aat Fjora. So rann da i meg, atte eg sku late hine reise atte, aa laane Færingin aat Huskalla aa likke bortunde, prøve om eg kunde faa meg Namn te Kokesild. Eg so gjore; dar fann eg Folkje, sa mi Ærend aa atte eg va nauige fy da eg sku ne paa Tingje. „Ja, Ein va kje kvite, so drog dar ne no, sa dei; no her æ so mykje godt mæ Sild unde Land, no ska Almuen ne paa Tingje te Storkaraa, aa so mysse

Folkje meir fy mindre: Silda ho drege te Havs atte fyre dei kjeme atte. Nei, gje no du deg te her paa Notene mæ oss; du ska sjaa du aanka kje paa da." Eg va gotruin aa leet meg yvetelje; dar va kje værdige Raa te sleppe ifraa dei, aa so balte me aa kasta heile Natta aa framette Maaraaykta, men Silda ho vart lita, ho. Aa ja, me fekk no so mykje me kokte, men da va kje te noka Hjelp, soleisene.

Men daa faar eg seie eg va kje høghjarta eg foor ut atte mæ Landa. „Vaar Herre veit ka Ende dittene ve take," tenkte eg mæ meg, „ditte vart meg nokra mølæ Bytte; eg va tefres eg aldre hadde set dei."

Eg gjekk heime aa grubleserte yve ditte, ka dei no vilde finne paa mæ meg, aa da varde ei Stund likevæl fyr eg saag noke te dei, men daa dei so kom, daa kom dei so fagna Kara. Jau, den Reisa daa tok dei aa panta meg; jamen tok dei beste Kyra mi!

No æ da so mykje eg he vaa go te klarere altsamma, aa no æ Byttene betalta. Da vart meg nokra dyra Bytte: Dei Byttene kom meg paa halvsjauende Dale!!

Men no hitt Folkje, maa vete, no he dei dittene te Glis aa Laatteløie. „Du æ same Tofkin, so du

he vaa, du," seie dei. Aa dinne Siverten, Jagtefyren, da læst no væ ein slike Greive, maa vete, han æ framme mæ Slengje-Draa sine: „Da va no di Lukke, du fekk inn Torve ditt; so he du daa noke te koke Silda di mæ," seie han. No va han den, so mest talde meg te, eg sku gje meg yve aa væ mæ paa Notene den Reisa; ja da va nett han, so sette hine paa Raaka, aa da atte han ska komme mæ slike Split-Yre atte paa, da tykkje eg æ so skjemdelæ.

Ja, eg faar no seie da: Æ du so slysen, du he eitkvert lite utestaaande mæ Storfolkja aa Øvreheitene, so faar du vete ka da kosta. Nei Ein kan daa verte so reint utarma fy ein ringe Ting. Hjelpe meg, dei æ kje fysne, slike Kara, naar dei trur seg.

A. Askevold.

Ute og heima.

Sidst i November.

„Dat er merkjelege Tider me liva i" er eit Ordlag, som ofta høyrest no um Dagarne, og sannare Ord kann inkje segjast. Heimssoga kann vel snaudt nog fortelja um eit merkjelegare Tidabil sidan vaar Herre Kristi Fødsla. Dat er inkje berre so, at dei störste og vigtugaste Heudingar ganga fyre seg i vaar Tid, men dei fylgja kvarandre so fljote i Faret, at du litet fær Tid til at yvertenkja dan eine Tilburden, fyrr dan andre kjem farande inn paa deg. Og i alle Vitenskapsgreiner høyra me um Uppfinningar, dan eine större en hi, som gjera Mannen i Stand til at ganga fram paa udrøymde Vegjer. Framstig ser ein paa alle praktiske Leider, og Upplysning og Kunnskap breidest ut allstad og finn Vegen jamvel til dei lægste Lag hjaa Almenningen. Dat er som

ei ny Kraft gjeng ut fraa Mannslægti; dat syd og dat æser kvart ein snur Augat, baade paa dat politiske, dat vitenskaplege og dat religiøse Raaderomet. Heimssoga synest vera innkomi i eit av desse Tidaskifte, daa Menneskja i sitt Framfar likasom arbeider paa at finna eit nytt Fotfeste elder i minsto leggja nokot nytt til dan Grunnvollen, som hennar Framtid skal kvila paa. Me synast hava naatt fram til ei historisk Merkjestid, daa mange gamle Grunnsetningar ljota umvølast, daa nye Krafter maa koma i Staden fyre gamle utnøytte, daa gamle Fordomar ljota sleppa Herredømet sitt, daa Ovtru og Tankehardstyre skal flya fyre dan klaarare Syn, som Naturvitenskaparne med sine umotsagde Uppfinningar heve gjevet Mannen, og daa aalmenn Upplysning tvillaust vil skapa nye Former fyre dan politiske Styringsmaaten hjaa dei europeiske Folkesamlag.

I ei slik Tid er dat fulla naudsynlegare en nokorsinne, at ein ser seg i Kring med Ro og Aalvora og gjerer seg Umak med at halda Tankarne i Samvigt, so at ein ikkje skal koma til at mistyda dei Hendingar, som bera til i vaare eigne Dagar. I Tider som vaare, som ero so rike paa store og uventande Hendingar, er dat naudturvelegt at vera Herre

yver sin eigen Medhug og sine eigne Ynskje, som so ofta vilja gjera dat dimt fyre dan klaare Utsyni. Di meir ein daa kann verja seg fyre at verda med-driven av Kvardagssnakket, som i urolege Tider rigar att og fram som Aakren i Storm, di lettare vil ein kunna finna Orsakerna og hitta Traaden i dan flokutte Hespel av smaae og store Tilburdar, som alle hava sitt indre Samanhang og styrast etter visse Logjer, um dat ogso fyre vaare Augo kann synast vera aldri so stor ytre Ugreida. Heimssoga kann just læra oss, at me maa vera vare i vaar Dom, naar me vilja døma um dei Hendingar, som inkje synast høva med vaare eigne Hugsyner elder som standa i Strid med eitkvart, som etter vaar Meining skulde vera rett og gagnlegt. Soga kann fortelja oss, at mangt, som no alle ero støde paa er sant og godt, heve ein Gong voret motsagt og motarbeidt jamvel av dei fremste Menner, og ho syner oss paa mange Stader, korleides ein vrang og uppøst Folkemeining heve ført dei ymise Landslydar inn paa ville Vegjer, korleides Folki hava offrat si beste Kraft paa urimelege Fyremaal, og korleides jamvel dei Grannfolk hava sunderflengt kvarandre, som baade Skyldskap og Landslag og Livsens Fyremaal skulde

sambinda til gode Viner og driva til at stemna fredlege fram Sida um Sida til eit sameiget Maal. Til nokre Døme minna me her berre um Italiamannen Galilei, som knebøygd laut avsverja sin rette Meining um at Jordi gjeng i Kring um Soli; um Krosferderna, som i lange Tider synkverde Europa og heldt Folki likasom i ei andleg Kveis; um dan øydeleggjande Strid millom ofs sjølve og vaar svenske Granne, ein Strid, som kveikte Eldhugen paa baade Sidor, men som i Aarhundrad heldt paa at suga Mergen av ofs baade tvo.

Med desse Innleidingsordi, som me vilde skulde standa i Brodden fyre ei politisk Yversyn i ei slik merkjeleg og vandsleg Tid som dan noverande, ganga me daa yver til vaart Emne. Dat er elles sjølvsagt, at her inkje kann vera Rom elder Tilføre til nokor vid elder allsideleg Utgreiding. Me maa lata ofs lita med einaste at umtala dat, som vigtugaste synest og som næmaste ligg, og jamvel detta ljota me umtala paa dan stuttaste Maaten. Dan Tilburden, som ligg ofs næst, er daa sjølvsagt dan overhendige Ufreden, som kom upp nokre Maanadar sidan imillom dei tvo frægaste Europafolk, Franskmenner og Tydskarar. Dat er med god Grunn, at dan øgje-

lege Striden deim imillom ber til at liggja fremst i Tankarne hjaa kvar tenkjande Menneskja baade ute og heima. Korso Enden verd paa denne Ufreden, so kann ein vera viss paa, at han vil lata etter seg ein stor og merkjeleg Verknad, som i sume Stykke jamvel vil føra til eit Umskifte i dan politiske Skipnaden i Europa, um inkje i all Heimen. Ein tarv inkje nokot Spaamannsauga til at sjaa, at dan aalmenne Sedskapsvokstren i mange Stykke etter denne Striden vil taka eit nytt Framfar. Ein kann ogso hugheilt segja, at ein so stor og merkjeleg Strid inkje kann vera framkomen av Ingenting. Korleides so Striden er uppkomen, kvat ein so kann vilja segja um dat synberre Upphavet, og kven som ein vil gjeva Skuldi fyre dat stygge Syrgjespilet, som spilast fyre Augo vaare, so er dat greidt, at dat maa liggja nokot stort og merkjelegt paa Botn. Dei kunna inkje vera utan Orsak, desse megtuge Uppskok og Bylgjeslag, som tyna Tusend paa Tusend av Folkjens beste Menner og øydelegg uteljande Eignaluter, som vaaro uppsparde ved Arbeidet og Møda til dei avlidne Ætter. Slik uspurd Hermannsferd, som dreg dan andlege og likamlege Kraft hjaa Folket burt ifraa dess fredlege og skapande Gjerning, maa hava sin

djupe Grunn. Likasom ein gjenom Heimssoga til dessa kann læra, at alle dei store Strider og Tilburdar, som ho ber fram fyre ofs, hava havt si Rot i store Folkekrav elder nye Krafter, som vilde fram or Folkedjupet, soleides kunna me ogso skyna, at dan store fransk-tydske Ufreden og alle dei Hendingar, som fylgja honom i Faret, ero djupt botnade i Folkens Hug og Lengsel. Nokot so stort kann inkje vera botnat paa einstak Manns Grilla. Visstnog er dat sant, at med dan politiske Skipnad, som til dessa heve voret dan raadande, kann dan einstake Mannen faa altfor stor Magt til at framkalla Ufreden, og han kann soleides ofta segjast hava havt stor Skuld i Upphavet til alt dat Ugagn og all dan Ulukka, som jamt vil fylgja Ufreden i Faret. Me kunna fulla ogso av dan nærverande Striden likasom av all Soga draga dan Lærdomen, at Folkeferderna hava altfor myket voret ei Kastekjevla fyre einstak Manns Vilje. Men dat er likavel visst, at ingen Mann, kor megtug og æregirug han og kann vera, er god til at skapa nokot so storveges som denne Striden, sofremt som dar inkje er eitkvart i Folkehugen, som vil same Vegen og som kann tena honom til Utgangsgrunn og Studningsstolpe i Framfaret.

Visst er dat og, at Bismarck og Napoleon kvar paa sin Maate hava voret Middelet til at kveikja Striden deira Landsmenner imillom. Men naar Bismarck paa dan eine Sida, han som nokre Aar sidan var so mislikad jamvel av sjølve Prussarne, no heve voret i Stand til at draga dat heile tydske Folk med seg i Strid mot Frankrike, so kunna me lita paa, at dar i dan tydske Folkehugen heve voret eit Krav elder ei Kraft, som vilde fram og som han kunde stydja seg til. Og naar Napoleon paa dan andre Sida paa ein slik vesall Grunn som dat spanske Konungsvalet kunde vaaga seg til at senda Ufredsbod og taka upp Striden med Tydskland, so kunna me ogso vera visse um, at dar maatte vera eitkvart i dan franske Folkehugen, som vilde dan Vegen og som kunde tena honom til Grunnlag fyre ei slik Aatferd. Me høyra honom ogso no sjølv orsaka seg med, at dat var dan aalmenne Folkeviljen i Frankrike, som dreiv honom til Striden mot hans eigen Vilje, og alt um Napoleon heve synt seg som ein myket upaalitande og sjølvkjær Mann, som inkje heve haldet seg for god korkje til at ljuga elder meinsverja, naar dat syntest høva med hans eigen Vinning, so heve han fulla Rett i so Maate, at han ingen Veg

vilde hava komet, sofremt han slett ingen Studning hadde havt i Folkemeiningen.

Kvat er dat daa, som paa dan eine Sida gjerer, at Bismarck kunde magta at faa heile dan tydske Aalmenningen med seg til ei Herferd, som krev so mange Offer og so myken Hugstyrke, og som paa dan andre Sida kunde misleida dan franske Keisaren til at falla yver dan tydske Grannen?

Som aalkjent er, so heve dat tydske Folket i Aarhundrad voret sunderskilt i smaae Rike, nokot som sjølvsagt heve voret Orsak til innbyrdes Ugreida og darmed til dan største Magtløysa, naar dat skulde standa imot utlendske Fiendar. Tydskland heve i so Maate voret eit raakande Fyredøme paa, kor skadlegt dat personlege Riksstyret kann vera. Dat heve i lange Tider synt, korleides eit stort, emnelegt og samlyndt Folk kann veikna og sunderskiljast i motstridande Luter, paa Grunn av dat ervelege Fyrstestyre, som legg Folksens Lagnad i Henderna paa dan einstake Mannen. I Tydskland som annan Stad hava Fyrstarne av Guds Naade jamnaste tenkt meir paa seg sjølve en paa Folket, trutt at deira Hovdingssæte skulde styrkjast, naar Sætet til Grannen kunde veiknast, og dei hava dispre alet Folket upp til inn-

byrdes Aabryskap og Strid; di fleire Kokkar di verre Søle, som dat heiter. Tydskland heve i Røyndi voret eit grøtelegt Bilæte paa Ugreida og Daarskap, som i Politiken alt til dan sidste Tid heve gjort dat til Spott og Laatt hjaa dei andre Europafolk. Men til Traas fyre dat laake og ulaglege politiske Tilstandet heve dat tydske Folket, emnelegt som dat i seg sjølv er, gjenget munarlegt fram i Kunst og Vitenskap og all Sedskap; og i dan nyare Tid, med kvart som Tjodskapstanken elder dan nationale Sjølvkjensla i Tydskland som annan Stad er vordi meir og meir skir og livande, heve Folket meir og meir fenget Auga paa dat skadlege i dess Sunderskiljing. Yuskjet um at sambinda dat store tydske Fedraland til eit samstøypt Rike heve grott fram og vordet til eit brennande Folkeynskje, som Folksens Fyregangsmenner starva med at føra fram til Siger. Dan store Tanken um tydsk Einskap er dat, som han Bismarck ogso heve grunnlagt sin Politik paa, baade i 1866, daa han tok dat fyrste store Stiget i Striden med Austerrike, og no, daa han held paa med at taka dat andre djerve Storbykset i Striden med Frankrike. Me minna Lesaren um, at me her inkje tala um Maaten, som han Bismarck fer fram paa, elder

um dei Raadkr, som dan prusslendske Sabelpolitiken finn paa til at naa fram til sitt Endemaal, som kann henda inkje ligg beint paa same Leidi som dat rettvise tydske Folkeynskjet. At Bismarck og Prussarpolitiken etter som dat syneft vil ganga lenger en samhøvelegt kann vera med dan reine og rette Tjodskapstanken, i di han krev eit nytt Landsskifte med Frankrike og jamvel av reint franske Bygder, detta er ei onnor Sida av Saki. Her draga me berre fram Grunnarne til hans Atferd og Grunnvollen til hans Magt og Framgang. Dat er fulla Magt og Merg i ein slik stor og sann Tanke, som dat er at samna Tydskland til eit samfengt Rike, so at Tydskefolket i innelegt Samlag kann ganga fram paa Vegen til Sedskap og Upplysning og standa i samfelt Fylking mot ytre Fiendar. Ein slik Tanke er og mykket vel lagad til at vera Fotfeste aat ein Mann som Bismarck, som med alle sine Lyte just syneft hava dat rette Flogvit og Klaarsyn til at føra denne Tanken fram. Dat er illa voret, soframt som han gjeng vidare en Tanken krev, og Soga vil daa gjeva honom ein lægre Sefs millom dei namnkunnige Menner; men inkje er dat at undraft paa, at dat tydske Folket etter dat som hendt er flokkar seg um honom

og sjaa i honom dan dugande Fyremann, som er kallad til at fullføra dat nationale Verket. Ein kann ynskja, at Samanbindingi av dei tydske Folki skulde gjerast paa ein meir folkeleg Maate, at Landslyden i dei mange større og mindre Rike skulde hava arbeidt med meire Kraft og Samhug paa at faa Samlaget i Stand. Men dat er vel lettare sagt en gjort at faa Greida i ei slik Ugreida, som dar maatte vera i Tydskland med alle dei Kongar og Greivar, Hertugar og Storhertugar, Fyrstar og Kurfyrstar, naar inkje einkvar kunde paataka seg likasom at hogga Traaden tvert av. Og i alle Tilfelle maa dan nationale Sambindingstanken vera lika sann og rettvis i seg sjølv, um han ogso verd gjenomført paa ein utekkjeleg Maate. Ein kann visst med full Grunn lasta paa Veldet og Hardstyret hans Bismarck, men ein kann aldri graata til, at dei flirande og morkne Hovdingastolar i Tydskland ramla ned. Dat er sidstpaa detta, som skal gjeva dat tydske Folket Magt til at rista dat prusslendske Sabelveldet av Nakken sin. Fyrr dan tydske Einskapen er fullført, vil trulege helder inkje Europa faa dan Fred, som Folki so saart lengta etter; fyrr dette Spursmaalet er komet til ein god Ende, vil Tydskland inkje leggja fraa seg Her-

bunaden sin, som dreg Herbunaden til dei andre Folkeferder etter seg.

Men etter sin heile historiske Lagnad og Framvokstr kann dat franske Folket inkje annat en sjaa skakt til Samanbindingi av dei tydske Folki til eitt Rike. Franskmannen er uppfødd med dan Tru, at hans Fedraland er dat frægaste og sterkaste Rike i Europa og at Folket hans er dat fremste Folk i Heimen i all Sedskap. Paa denne Grunntanken er han ogso uppalen til at tru, at just hans Landslyd er koren til at ganga i Brodden fyre alle andre Folk baade paa dat politiske og alle andre Raaderom. Frankrike var etter hans Tanke dat Landet, som skulde hava Umsut fyre dan europeiske Samvigti, og Franskmannen skulde i Sedskapens Teneste vera likasom ein Vaktar fyre at kvart Folk kom til sin Rett. Frankrike heve ogso paa ein viss Maate gjort ei slik Gjerning til dessa, og Europa heve fulla mangt at takka dat fyre paa ymse Leider. Franskmannen heve soleides gjenget i Brodden fyre Folkefridomsstrævet og voret Fyrstemannen til at spreida dei nyare Tankar um Fridom, Samlikne og Brorskap utyver Heimen; Frankrike heve ogso voret i fremste Flokken i ymse Vitenskapsgreiner og havt sin store

Lut i dan Framgangen, som Naturvitenskaparne hava gjort i nyom Bilom, ein Framgang, som heve ført dan aalmenne Sedskapen inn paa ei ukjend Leid og umskapat so mangt i Folksens Skipnad baade paa dat andlege og likamlege Raaderomet; dat franske Folket heve ogso til dessa voret Rettesnøret fyre dan europeiske Smak og gjenom Tilskapingen av Klædebunad, Husbunad og alt sokallat Kunstarbeid i mange Stykke havt ein velgjerande Verknad paa Sansen fyre dat væne og fagre, alt um dat lette og lause Huglyndet hjaa Franskmonnom altfor mykket heve sett sitt Stempel paa mangt og i sume Stykke havt ein skadleg Verknad paa dan reine og moralske Kjensla hjaa Folkom; ogso paa Hermannsvegen heve Frankrike alt til no voret Basen, som dei andre hava apat etter og havt Age fyre. Tanken paa alt detta maatte sjølvsagt vera vel lagad til at rotfesta dan Trui hjaa Franskmannen, at hans Landslyd i Røyndi ogso var dan ypparlegaste og megtugaste av alle. Dat vantar helder inkje paa di, at han i Blad og Bok og Tale, jamvel ogso i hans noverande Naud og Knipa, med sterke Skrøytord heve synt fram denne Trui paa sin eigen Storleike. Og eit Folk, som soleides trur um seg sjølv, at dat er dat vitugaste, dat sterkaste, dat

finaste og bedst uppsedade Folk i Heimen, maa fulla hava ilt fyre at tola nokon Medtevlar og vil ogso gjera kvat dat kann til at hindra honom. Me vilja so gjerna alle vera fremste Høna i Korgi, og dat er vondt at Vesalmann vera. Frankrike heve difyre inkje mislikat, at dat tydske Grannfolket var sunderklilt og magtstolet. Men i same Mun som dat kjende seg velnøgd med, at Tydskararne inkje kunde semjast og sambindast, i same Mun maatte dat og sjaa skakt til kvar dan Freistnad og kvar dan Tilburd, som tydde paa, at Tydskland vilde sameignast. Franskmannen kjende dat paa seg, at dat politiske Yvervaldet og dan sedskaplege Yvervigti, som han til dessa gjorde Krav paa, kunde gletta honom or Hondom, soframt dat tydske Folket kunde einast og Tydskland sambindast til eit heilt Rike. Dei franske Politikarar hava difyre baade opet og i Løyndom lagt Stein i Vegen fyre dan tydske Einskapstanken. Men dei tydske Styresmenner hava voret slogare en Napoleon og hans Fylgjesveinar. Paa Grunnlaget av dan tydske Einskapshugen heve Bismarck og hans Menner baade med godt og ilt, baade paa greide og løynde Vegjer boret si Sak lengre og lengre fram til Maalet. Dat gildaste Stiget vardt paa denne

Maaten gjort i Striden mot Austerrike i 1866, som fekk ein heilt annan Ende en Napoleon og Franskmennerne hadde gjort Rekning paa. Etter denne Striden, daa dat tydske Nordsamlaget vardt skipat, heve Frankrike slett inkje likat paa Leiken. Detta heve Bismarck myket vel visst, og med sitt store og stendige Maal fyre Augom heve han butt seg til betre og betre og Aar etter Aar aukat dan tydske Hermagti, so at han kunde koma til at vinna paa Frankrike, som han vissте inkje vilde med godo lata Tydskland faa sambindast. Og Frankrike laut paa ein Maate gjera etter som Tydskland gjorde, og soleides heve desse tvo store Grannfolk stadet no i nokre Aar og seet paa kvarandre som tvo Slaastkjempor. Ein og kvar heve kjent, at dat laag Ufred i Lufti, og um han kom upp helder braatt, daa Frankrike kastade seg inn paa Tydskland i Sumar, so var dat i Vissa nokot som ventande var og nokot som laut koma seint elder tidla. Her var tvo store motstridande Folkeviljar, som inkje kunde forlikast utan ei Styrkeprøva.

Etter denne Utgreidingi ligg soleides dat rette Upphavet til Striden Frankrike og Tydskland imillom paa dan eine Sida i dan tydske Einskapstanken, og

paa dan andre i dan franske Aabryskapen og Motstrævet mot Fullføringi av denne Tanken. Dat er detta, som paa ymsekvar Sida gjenom Bismarck og Napoleon heve lagt Vaapni i Henderna paa dei tvo store Landslydar, og som heve sett dei politiske Styresmenner paa baade Sidor i Stand til at byrja denne store og stygge Striden. Dat er trulegt, at dan sløge og klaarsynte Bismarck, so velbudd som han var, paa si Sida just ynskte Ufreden no, og at han paa ein Maate spilade Spilet so, at Frankrike vardt eggjad til Striden. Han skynade fulla vel, at ingen Ting vilde vera meir lagat til at sambinda Tydskararne en ein Strid med Frankrike, naar Striden kunde faa ein god Ende. Men utan dan tydske Folkehugen og Einskapstanken til Studningsstolpe vilde han ingen Veg hava komet med alle sine politiske Raader. Og Napoleon paa si Sida hadde helder aldri vaagat seg til at lysa til Ufreden, soframt som han inkje hadde havt eitkvart i Folkehugen at stydja seg til. Ein sjølvkjær Mann som han tenkte kann henda ved Ufreden meir paa at festa Keisarstolen sin, som inkje heve voret for stød i dan sidste Tid, en han tenkte paa sitt Folks Gagn og Bate, men sjølve Ufredsbodet bygde han paa Franskefolk-

sens Aabryskap og Mothug mot Tydsklands Magtauking. Detta synte seg so vel i dan Eldhugen, som ein stor Lut av dat franske Folket bar fram, daa dat med Song og Hurrarop og Folkestemnor gav sitt Samtykke til dan uheppelege Striden.

Naar ein no ser paa denne fransk-tydske Storstriden paa denne Maaten, som me trur er dan rette, daa kann ein sjølvsagt inkje leggja all sin Medhug berre paa dan franske Sida. Dan einsynte Maaten, som flestalle Bladskrivararne vaare hava boret fram Saki paa, kann berre duga til at ala upp ein rang og skadleg Folkemeining. Dan tydske Einskapstanken er rett og sann i seg sjølv, for han er botnad paa Grunnsetningi um Tjodskapen elder Nationaliteten. Og me, som sjølve bala med at fremja dan norske Tjodskapen, maa sjølvsagt ynskja, at Tydskararne maa vinna fram med sin. Dan franske Motvilje og Motstrid mot Tydsklands Einskap er darimot beint imot dei nationale Grunnsetningar. Naar ein so attaat kjem i Hug, at dat tvillaust var Meiningen til dan sjølvkjære Napoleon, at han vilde nytta dan franske Folkehugen til at ganga hans eigi Ærend, daa kunde ein inkje paa nokor Vis leggja sin Medhug paa fransk Sida ved Upphavet av denne Striden. Dat kunde

aldri i Lengdi vordet til Gagn korkje fyre Frankrike elder Tydskland, um Striden paa eit slikt Grunnlag skulde fenget dan Enden, at Tydskland tapade. Solenge som dat berre varde seg mot sin nationale Fiende, var Retten paa Tydsklands Sida, og daa dan tydske Einskapstanken seint elder tidla maa fullføraft paa einkvar Maaten, so vilde Striden berre hava livnat uppatter ein annan Gong, soframt som Frankrike hadde havt Vinningen.

Dat maa ogso tvillaust vera til Gagn og Bate fyre dan aalmenne europeiske Sedskapen, at dat stormodige og skakkstyrte Frankrike inkje vann fram med at kuga Tydskland, so som dat hadde etlat seg til. Dat napoleonske Styret heve no greidt og skilet synt, kor rotet og vesalt dat var i sin inste Grunn; svikfullt og umoralskt som dat heve voret fraa Topp og til Rott, alt fraa Keisaren sjølv og til hans lægste Handlangar, heve dat havt ein grøteleg Verknad paa dan aalmenne Moralen i Frankrike, so at Sedløysa og letferdug Livemaate var vordne aalgjengne baade hjaa Storfolk og Smaafolk. Skulde Napoleon hava vunnet paa Tydsken, so hadde hans rotne Styre tvillaust varat ved endaa eit Bil frametter og darmed ogso Orsaki til dat sedlause Tilstand, som vilde

aukat og inkje minkat, baade i Frankrike og i andre Land, som dessverre hava apat altfor myket etter dat baade i dat som ilt og godt er. Naar Frankrike inkje paa annan Maate kann syna si politiske Yvervigt i Europa en ved at hindra dan rettvise Samanbinding av dat sundrade tydske Folket, og soleunge som dess sedskaplege Herredøme einaste tener til at fremja Sedløysa i kringum seg, kann dat ingen Rett hava til at vera Merkjesmann korkje paa dan eine elder andre Leidi. Og at dan stygge Napoleon ingen Framgang fekk var hardla godt og vel. Dat var paa høg Tid, at hans ufrie og ufolkelege Styre glapp honom or Hondom, og dat maa verda til Gagn fyre dan sanne Folkefridom, at hans rotne Keisardøme valt i Koll. Dan fyrste Akt i dat store Syrgespilet fekk difyre ein god og høveleg Ende daa Napoleon vardt fangad etter Slaget ved Sedan og førd til „Vilhelmshøhe" i Tydskland, og Franskmennerne paa dan Maaten vardt kvitt dan stygge Mara, som heve ridet deim no i 20 Aar.

Men etter Slaget ved Sedan er Spursmaalet komet inn paa ei ny Gata. Tydskararne med Bismarck i Brodden hadde tidlegare tidt og ofta sagt, at dat var mot Napoleon og inkje mot dat

franske Folket, at dei baaro Vaapni. Men likavel saag ein etter Sedansslaget inkje likt til, at dei vilde bjoda seg til nokot Forlik, som dat kunde vera Meining i. Tvertimot hava dei berre svarat paa dei franske Forliksfreistnadar med krenkjande Krav og eggjande Storlæta. No er dat Tydskland, som vil krenkja dei nationale Grunnsetningar ved at krevja franskt Land, utan ein Gong at spyrja um Samtykket til Folket, som bur dar. No er dat Frankrike, som skal verja seg mot sin nationale Fiende, som kaut og storlaaten fer yver Landet med Eld og Sverd paa ein Maate, som litet synest høva med vaar Tid. Dan tydske Aatferd i Frankrike, som ber dat verste Hat og dan største Vanvyrding fram i Dagen, duger inkje til annat en til at ala fram Hat og alt dat som stygt er. No er dat inkje lenger dan tydske Einskapstanken, som er Fyremaalet fyre dan tydske Herferdi.

Og etter at dat franske Folk er vordet fritt fyre si napoleonske Mararid, heve dat synt seg paa ein slik Maate, at ein maa faa Byrdnad og Medhug med dat. Meir en ventande var etter slikt Vanstyre og moralsk Vanart, og etter alle dei uhorvelege Ulukkor, som komo utenkt veltande inn yver Landet,

hava Franskmennerne no synt fram baade Mod og Mannskap og Fedralandshug. Naar ein ser paa dat laake Tilstandet og dan Lægervoll, som Styresmennerne hava ført Landet i, so maa ein undrast yver, at dat endaa kann verja seg so maata vel. Ein maa høgvyrda dan Samviljen, som heile Folket no ber fram i Dagen, og som syner, at dat no vil offra alt fyre Fedralandet. Solenge som Franskmennerne paa denne Visi kjempa mannlege til at fria Landet fraa sin hardhendte Fiende, solenge som dei slaast berre med Tanken paa at vinna si Sjølvstøda og nationale Fridom atter, lyt ein gjeva deim heile sin Medhug og ynskja at dei maa vera føre til at tvinga Tydskararne til at forlikast med deim paa ein skapleg Maate. Ein maa ynskja at dei maa læra honom Bismarck at faa større Vyrdnad fyre Folkeretten og Folkefridomen, og at dei maa syna Tydskararne, at eit sameinigt Folk, som fær styra seg sjølv, er for sterkt til at kugast av dan prussiendske Sabelpolitiken. Dat kunde henda at Tydskararne sjølve darmed kunde faa Hug til at rista denne same Sabelpolitiken av sine eigne Oksler, til Gagn og Gaman fyre heile Europa. Ein maa unna honom Bismarck eit Nedslag no. Dat vilde vera harmelegt

um han skulde vinna lenger fram med Politiken sin, som han orsakar paa dan sæle Maaten, at dat er dat franske Folkehatet mot Tydskland, som nøyder honom til at fara fram som han gjerer; likasom dat skulde vera større Verjemaal mot eit Folk, at krenkja dat med hard Atferd og Urett, en ved at syna Mannamilde og Velvilje. Ein Mann som hyllar slike Grunnsetningar og som heve so liti Tru til dat Gode, honom maa ein ynskja magtlaus, og Folket likaso som vil fylgja honom paa hans blodutte Veg. Ved at retta Forsoningshand til sin slegne Fiende etter Sedanslaget hadde Bismarck og Tydskararne trulege havt dat i si Magt no at brøyta Vegen til eit fredlegt Samliv millom dei tvau Grannfolk, so at dei baade tvau i Fred og Ro Sida ved Sida kunde koma til at gjera sitt store Arbeide fyre Framgangen til sin eigen og dan aalmenne Sedskapen i Heimen. Daa Tydskararne i Staden fyre at gjera detta, sette Sverd og Blodpolitiken fram som sitt Maal og Merke, daa maatte dat samstundes driva andre Folks Samhug burt fraa seg og yver paa dan franske Sida. Fraa dan Stundi kunna inkje Frendefolk dess helder, som elles skulde vera med Hugen sin paa tydsk Sida, og endaa mindre andre Folk annat en

ynskja, at Franskmannen no maatte vinna, men inkje lenger en til at driva dan kaute Fienden ut or Landet. Dat ser altfor myket ut til at vera mest uvinnelegt fyre honom at gjera dette, men dess gildare Uppreising vilde dat ogso verda attpaa dat makalause Fallet, som han heve lotet lida. Dat franske Folk vilde daa standa frigjort og koma til at vinna Byrdnaden atter baade hjaa dess Modstandar og andre Folk. Etter at hava fenget so dyre Lærepengar ved denne harde Ufreden, som dat sjølv var Skuld i, vil Frankrike tvillaust vera reinskat fyre myken Stygge-dom og Rangsyn. Dat tydske Folk vil daa ogso vera heilbrigdat fyre dat Sigersruset, som no synest gjera dat blindt. Og Bismarck vil tvillaust med dat same hava tapat sitt Herredome og faa Vantak og Vreide attpaa fyre di han inkje gav Franskmannen Fred, daa rett Tid var.

Sjaa detta tru me vilde vera dan bedste Enden paa dan store Ufreden. Men kor som Enden verd, so vona me, at han vil hava nokot godt i Faret etter seg. Franskmannen turvte dan Reffing, som han heve fenget og som difyre maa verda til hans sanne Gagn. Tydskararne turfte ogso at koma til større Rett og Byrdnad en dei til dessa hava havt.

Dat er inkje nokot Folk, som i dat store og heile er meir upplyst og emnelegt en dat tydske, til Traafs fyre dan Hæding og Vanvyrding, som dat i mange Stykke heve lotet lida, jamvel av dei same Folk, som saug næstan all si andlege Mjølk fraa dan tydske Sedskap, baade i Kunst og Vitenskap. Og me hava so stor Tru til dan tydske Upplysning, at han sidstpaa vil lata upp Augo paa Folket, so at dat inkje i Lengdi vil lata seg bruka til at ganga Ærendi hans Bismarck elder til at fremja dan prusslendske Jarnpolitiken. Med dan største Upplysning maa dat sidstpaa fylgja dan største Mannamilde og Fridomshug, annars vilde Upplysning berre vera eit tomt og verdlaust Ord. Naar Tydskararne hava fenget gjort ifraa seg Arbeidet med dan nationale Samanbinding og nedlagt Sverdet, som dat laut lyfta til dette Endemaal, daa vil dan tydske Allmenningen venda seg til sine eigne Heimegreidor og skipa Politiken sin etter dei Krav, som slik Sedskap og Upplysning som dan tydske maa krevja. Naar Tydsken kjem heim fraa si Herferd mot Frankrike, daa maa me vona, at dan gode og mannamilde Hugen vil vinna Yverhand, som me alltid hava funnet hjaa Tydsklands frægaste Menner, og som

ogso heve voret merkande jamvel no under Striden paa di, at vyrdande Menner heima i Tydskland hava motmælt dan harde Medferdi mot Franskmannen. Slike Menner som Doktor Jakoby, som vardt sett i Fengsel fyredi han talde til at fara mildt og inkje hardt aat mot Frankrike, heve mange med seg i Tydskland. Dat synte seg paa Kravi som kom til Konung Wilhelm um at han maatte lata honom laus atter. Naar Tydskararne daa etter Striden og alle dei Offer, som han heve kravt, skal til at vega Vinning og Tap, Rett og Urett imot kvarandre, so vilja dei vera meir lagade til at lyda paa sine fredlege og mannamilde Fyremenner en paa dei æregirnge Politikarar, som meir byggja paa Folkfens Faafengd og Kautskap en paa dess gode Haatt og Kjenslor. Me vona at Tydsklands Einskap, som vil koma fram av Striden, vil føra til eit stødt og sterkt Tilstand i Tydskland og skapa eit sant og upplyst Folkestyre, so som dat kann høva til eit so stort og langt framkomet Folk. Skulde inkje Tydskararne med sin rolege Vyrdnad fyre god Riksskipnad og sin Ordenssans vera velbune til eit sant Fokestyre, so er dat inkje godt at vita, kven som skulde vera dat. Me kunna aldri annat tru, en at dat maa vera ein

Yvergang med detta, at dei upplyste Tydskararne skulo lata seg spenna fyre Sigersvogni til Prussarkongen, som med Guds Namn i Munnen køyrer deim fram til slik Villmannsferd, som dan verste Heidning vilde skræmast ved. Slik forargeleg Stygdom vona me vil avdømast av dat tydske Folk sjølv, naar denne Striden er til Endes, anten so denne Ende verd paa dan eine elder andre Maaten. Me tvila i dat Heile inkje paa, at denne Striden vil reinska dan ureine Lufti i Europa, og vera til Gagn, inkje berre fyre dei Partar, som no strida som verst, men ogso fyre dei andre Folki. Denne Striden vil vonlege verda Franskmannen til stor Helsebot fyre dan falske Æresyka hans og stagga hans gamle Jag etter dan svikfulle gloire elder Hermansæra. Han vil ogso heretter faa annat at tenkja paa en lettferduge Motar og Lauslivnad, som fraa Frankrike heldt paa at spreida seg utyver all Heimen, jamvel ogso til vaart urike Fedraland. Baade han og Tydsken vil faa aalvorsame Ting at sysla med, mangein Skade at bøta og mangt eit Saar at grøda. Og naar dan uppøste Folkehugen i Europa er komen til Ro etter Stridsstormen, daa vil kvar upplyst Mann stryggjast ved alle dei skakande

Hendingar, all dan Sorg og Jammer og all dan unøydde Spilla av Mann og Eignaluter, som Striden heve voret Orsak i, og som ein æregirug Politik og eit personlegt Riksstyre lyt hava meste Skuldi fyre. Naar Folki faa Syni paa detta, og sjaa kor galet dat er at leggja sin Lagnad i einstak Manns Hand, som so lett vil misbruka Magti og ganga sine eigne Ærender, daa vil ogso Folki med større Styrkje krevja at faa styra sine eigne Greidor. Dan upplyste Folkemeining vil inkje lenger ganga med paa Politikens Krokvegjer, som jamnaste ganga beint imot Folkfens sanne Gagn. Og dat vil vonlege etter desse lærdomsrike Dagar verda meir og meir klaart, at dat som er til sant Gagn fyre dan eine Landslyd inkje kann vera til Ugagn fyre dan andre; at dei serskilde Folk inkje hava motstridande Fyremaal at stemna fram til, men at Vegjerne deira liggja jamsides og oftaste samfelte, so at Styrkjen og Framgangen hjaa eitt Folk vil vera til Styrkje og Framgang hjaa eit annat, og inkje umsnutt soleides som dan europeiske Fyrstepolitiken i lang Tid heve fenget Folk til at tru. Me vona, at med dan tydskfranske Striden heve Europa gjort eit stort Sprang fram til dat sanne Demokrati elder Folkestyre, og at

dat lid med dan krokutte og gagnlause Politiken, som heve gjevet dan æregirnge og faafenge slik Magt til at leida Folki fram paa Villeveg rakt imot dess sanne Maal, som skulde vera Mannamilde og Kjærleike mot Medmenneskjor og Byrdnæd fyre alt dat som sant, godt og gagnlegt kann finnast og uppnaaast her i Heimen, baade hjaa Frendar og Framandfolk.

Dat er kann henda dei som meina, at me hava for god Von til Enden paa Striden, og som tru meir paa Uvedrskraakorna, som spaa um ei Tid fyre Hardstyre og Hermannsvelde i Europa her etter Dags. Ein kann vel helder inkje vera so fullkomen sutlaus fyre, at nokot slikt kunde bera til, soframt som Prussland i denne Striden skulde faa baade Bugt og begge Endar. Naar ein lyder etter kvat Soga fortel, so fær ein altfor myket vita, at dan som i Striden vann lyfta Sverdet høgast, han vilde naudlege stinga dat i Slidra atter. Dat kann vel ogso vera helder trulegt, at Tydskararne i dei allrafyrste Tider, etter at dei hava vunnet ein fullkomen Siger, vilja koma til at halda Hermannssysla i altfor stor Æra og syna seg baade kaute og stridige mot andre, men ein maa hava altfor laake Boner til Upplysningskrafti og dan folkelege Sjølv-

kjensla i vaare Dagar, soframt som ein trur, at eit slikt Tilstand kann vara lenge. Kvart ein snur seg, so verd ein var med, at Folkemagti kjem framsigande med større og større Tyngd; Standsskilnaden, som heve voret til so stor Hinder fyre folkeleg Framgang, verd meir og meir utjamnad og Riksstyret lyt alt no i flestalle upplyste Land faa si Innvigsla av Folkeviljen og verda godkjent av honom. Dei politiske Tilstand kunna vissnog aldri verda fullkomen støde og ubrøytelege; dat er med Politiken som med Vatnet, dar maa vera Straum og stundom Attebera, soframt som dar inkje skal koma til at raada Stillstand og Daude, og Livet rotna burt. Og i Livsens motstridande Straumar vil Atterhaldsmenner og Einstyringar i Framtid som i Forntid ofta sjaa seg Syn til at leida Straumen til deira Sida og hindra dan folkelege Framgangen til ei Tid. Men at Einvelde og Hermannsstyre atter skulde røta seg, og prussiensk Sabelpolitik koma til at raada fyre Folkelagnaden nokot langt Bil frametter, detta kunna me inkje faa i vaart Hovud, dartil hava me for fast Tru til dei folkelege Krafter, som me sjaa arbeida seg upp og fram paa alle Sidor. Til ein annan Meining kann ein med Sanning helder inkje finna

Fotfeste i Heimssoga; dartil peikar ho altfor beint paa ein stendig Framgang mot folkeleg Fridom baade paa dat andlege og materielle Raaderom. Og Framgangen vil vera so myket fljotare og vissare i vaare Dagar, som dan aalmenne Upplysningen er jamnare, Velstandet større og dei materielle Hjelpemidlar fleire. Dan som no trur at einstak Manns Vilje kann dæma fyre Straumen, han heve tvillaust ingi rett Syn paa Tingen. Dan Kraft, som no gjeng ut fraa Folkehugen og som driv Folki fram til Sjølvstyre og sann Folkefridom, vil inkje lata seg kuga. At dæma fyre denne Straumen vil vera som at dæma Vatnet i Rjukandfossen. Me koma her i Hug Ordi til dan namnkunnige franske Sogoskrivar Thiers, daa han i dat franske Stortinget sagde, at Europa stemner med ustanseleg Rettfylgja elder Logik mot Republiken. Og endaa var Thiers Atterhaldsmann i Politiken, og hadde fyre sitt eiget Vedkomande huglagt Kongedømet.

Eitt kunna me i alle Tilfelle lita paa, og dat er, at dan noverande store og merkjelege Striden maa verda Orsak til store og merkjelege Umskifte paa dan eine elder andre Maaten. Dei store Uppskok og Sudrag, som fylgja med honom, maa bera

ſtore Ting med ſeg. Me hava ovanfyre nemnt ſumt ſom ligg Tanken nœmaſte, men um dat er mangt, ſom ein kann ſjaa elder tenkja ſeg, ſo vil dat tvillauſt vera endaa meire, ſom ein korkje kann ſjaa elder koma i Hug, ſom vil renna fram or dei noverande Tilſtand og Hendingar. Me kunna gita oſs til detta av Soga, ſom fortel korleides dei ſtore Folkeſtrider juſt var Upphavet til ſo mange nye Uppfinningar og utenkte Tiltak. I dei ſtore Ufredstider vardt dat likaſom lagt nytt To elder ei ny Kraft inn i Mannſens Tankaliv, ſo at juſt dei kom til at gjeva meſte Framſtøyten til dan andlege og materielle Uppkoma. Dei Strider, ſom var til ſo ſtor Skade og endelaus Jammer medan dei ſtodo paa, vardt ofta til dan ſtørſte Bate og Velſigning fyre Etterkomararne. Detta, ſom leider vaar Tru til ein allgod og allvis Styrar, er ein hugſvalande Tanke midt under all dan Sorg og all dan Styggedom, ſom me ljota vera Vitne til. Me kunna ogſo alt no ſjaa ymſe Teikn paa, at dan noverande Striden gjerer ſi uppkvesſande Gjerning paa dan menneſkjelege Tanken og driv honom inn paa nye Leider. Me peika til Dømes paa Luftbalongarne, ſom no ſviva upp fraa dan trengſelsfulle franſte Hovudſtaden, og ſo ſnøgt ſom Vinden jamvel

beraſt inn yver vaart eiget avleides Landemerkje. Dat er ſom nye Vengjeſlag fraa dan arbeidande Mannstanke, ſom ſtarvar med at finna paa eit Hjelpesmiddel til at kunna fylgja ſin eigen Lengſelsflugt. Kven veit! Kann henda ſkal me ei Stund etter denne Dag ſjaa Mannen likaſo heilhugad og likaſo ſtødug ſom dan frie Fuglen fara yver Fjell og Firne.

Men me gjera vel beſt i at venda oſs fraa dei luftige Draumſyner; her er fulla nog av Kjennsgjerningar at feſta ſin Tanke paa, ſom ſtanda i Samanhang med dan tydſk-franſke Striden, inkje berre inne i deira Heimland ſom ſtrida, men ogſo utanfyre. Ein av dei vigtugaſte Hendingar, ſom Striden ſoleides paa ein Maate heve voret Orſak til, er Enden paa dat verdslege Paveveldet. Dat er beſt at fiſka i grugget Vatn og ein ſkal inkje lata Heppa or Handi ſleppa, meinte Italiamennerne daa franſke Keiſaren fekk ſo myket med ſeg ſjølv at gjera, at han laut ſleppa Taket, ſom heldt Paveſtolen uppe. Men um denne ſtormerkjelege Tilburden og kvat annat, ſom heng i Hop med Ufreden, faa me bida med at tala til næſte Gong.

H. K.

Innehald.

Fyrste Hefte.

Sida.

Vestmanna-Song. Av Henrik Krohn . . 5.
Til Vestmannalaget. Av A. O. Vinje . . 7.
Var Henrik Vergeland Maalmann? Av Henrik Krohn . . . . . 9.
Fyre Dagen. Sungen i Vestmannalaget den 17de Mai 1868. Av Kristofer Janson . 38.
Huldri. Av Hans Mo . . . . . 40.
Helsing aat Kvendi. Av Henrik Krohn . . 54.
Freistnadar med ei aaltydeleg Utgreiding av Naturvitenskaparne. (Or „Das Ausland".) . 56.
Heimbygdi. Av Hans Mo . . . . . 70.
Fyre Fedralandet. Tale av Kristofer Janson 74.
Um Instinkten hjaa Insektarne. (Or „Das Ausland".) . . . . . 78.
Chicago. (Etter nokre Ferdaminne i „Revue des deux mondes".) . . . . . 88.
Jordvarmen . . . . . 96.

Annat Hefte.

Aasmund Olavsson Vinje. Av Henrik Krohn 3.
Um Varmen paa Jordi. Utarbeidt etter Cazin og Carl av Henrik Krohn . . . . 6.
Heimferddagen. Av Hans Mo . . . . . 21.
Song til Bjørgvin. Av Henrik Krohn . . 40.
Slutning av ein Tale. Av Olav Losthus . 42.
Ein Gang paa ein Vettradag. Av Is. . . . 46.
Dei dyra Byttene. Av A. Askevold . . . 55.
Ute og heima. Av. H. K. . . . . 64.